




Høyringsinnspel Fosse-senter

Juni 2025

Dag Rune Mo mfl.

1. Skriv inn namnet ditt her:*

Dag Rune Mo

2. Fyll inn namnet på organisasjonen/institusjonen du eventuelt representerer:

3. Kven bør vere hovudmålgruppene for eit Fosse-senter?

Kven er so hovudmålgruppene for eit Fosse-senter? Målgruppene kan delast i fleire undergrupper. Senteret vil få ei unik rolle til å styrkja og framheva nynorsken og særskilt må då i denne samanhengen formidling av dette til elevar og studentar vera framheva i senteret. Med utgangspunkt i Jon Fosse sin litteratur, ligg det til rette for at senteret bør ta ei sterk rolle som både lære- og inspirasjonsstad innan litteraturfeltet og utøvande kunst på nynorsk. Senteret bør sjå framover, og leita etter nye forteljarstemmer. Vidare bør senteret ha plass og høve til å ta i mot studentar, forfattarar og andre som ynskjer lengre opphald for studiar og inspirasjon. I dette ligg også at senteret bør vera ein møteplass mellom profesjonelle og frivillige. Vidare må senteret tilretteleggja for kulturturisme, med eit godt innhald for tilreisande som ynskjer nærare og meir inngåande kunnskap om mannen, staden og språket. Vidare kan ein ha ei meir standardisert formidling tiltenkt større grupper, som bussar cruiseturistar etc. med bruk av audiovisuelle program, biletspel, film og liknande saman med visning av tun og landskap.

4. Kva funksjonar bør eit framtidig Fosse-senter ha?

Senteret må ha eit «litteraturhus» som har publikumsplass til mindre grupper, bibliotek, enkel kafe og utsalsstad for bøker, ferdaminne og anna. Det bør vera råd å samla større grupper under tak med tekniske fasilitetar og mogelegheit for teater, litterære og musikalske oppsetjingar med vel 100 publikumsplassar (storleik lik småscenane i dei store teatra). Det er sentralt at mest mogeleg av senteret vert knytt til tunet og nærmiljøet kring dette. Praktisk tilrettelegging av parkering, toalett må og sjølv sagt på plass samt tilrettelegging for skånsam personflyt og sikre gode opplevingar for besøkjande.

5. I tillegg til dei tre som står bak forprosjektet: Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å realisere senteret?

Samarbeidspartnarar og strategiske alliansar. A etablera eit slikt senter er krevjande administrativt og økonomisk og for å sikra nødvendig fagleg grunnbemanning og administrative funksjonar på eit profesjonelt nivå, peikar Hardanger og Voss museum seg ut som ein naturleg samarbeidspartnar. I tillegg til Fossestiftinga, Kvam herad og Vestland fylkeskommune må staten ved kulturdepartementet delta i prosessen for å realisera senteret. I tillegg må ein arbeida for å få med private investorar.

6. Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å sikre langsiktig og god drift av senteret?

Samarbeidspartnarar og strategiske alliansar. Å drifta eit slikt senter er krevjande administrativt og økonomisk og for å sikra nødvendig fagleg grunnbemanning og administrative funksjonar på eit profesjonelt nivå, peikar Hardanger og Voss museum seg ut som både det kultur Norge har satsa på i vår region igjennom museumsreforma og ein nasjonal aktør på høgt nivå med solid kompetanse på kulturfeltet. Museet driv i dag mange avdelingar der fleire er reine kunstinstitusjonar som t.d. Ingebrigt Vik Museum, Kulturhuset Kabuso og Magnus Dagestad museet på Voss.

Sidan det er ein sams nemnar med nynorsken bør eit senter knyta seg sterkt til Ivar Åsen tunet i Ørsta som og har tett fagleg knyting til Olav H Hauge senteret i Ulvik og Vinje senteret Vidare bør ein sjølvsagt ha kontakt med dei andre kunstmusea i vår region, litteraturhuset i Bergen og Oslo. Universitetet i Bergen og Oslo og likeeins nasjonalbiblioteket er sentrale institusjonar senteret må knyta seg til. Ei solid knyting til desse ulike miljøa vil styrkja legitimiteten og det faglege nivået på senteret.

7. Har du andre innspel eller kommentarar som gjeld rapporten frå forprosjektet, så kan du legge dette inn her:

Planane med å byggja eit Jon Fosse senter i Strandebarm starta alt i årsskiftet 2006-07.
Dei 2 fyrste åra gjekk med til å førebu ei stor feiring i 2009.

Åse Ljones i samtale med NRK i 2009 framfor 50 års feiringa til Jon : (vedlegg 01)
«Eg trur det e mange som vil synst da e viktig - at dei kan synst det kan vera kjekt å koma inn i landskapet som han er vokse opp i. Det e veldig mange som byggje store kulturhus og ska fydla dei opp etterpå. Men me vil heller rett og slett byrja motsatt - å så byggje me litt etter behov og litt etter kva me kan fydla det med.»

Dåverande Kultursjef Lars Erik Klafstad i same sending
«Hvis man kommer til Kvam så kan man tro at Jon Fosse er en godt bevart hemlighet og derfor må vi gjøre dette med litt dybde og faglig tyngde.»

Arrangementet vart ein kjempe suksess som stimulerte styret til vidare arbeid. Alt arbeid i styret var dugnadsbasert. 16 desember 2013 vart Fosse – Stiftinga registrert i Brønnøysundregisteret som ei privat Stifting (Det er den framleis).

Stiftinga har i åra mellom 2013 og 2023 drive kulturformidling i Strandebarm og nytta ulike lokale. Det har vore det same styret og folka som har drive stiftinga heile perioden basert på formåla: Å formidla kultur i Strandebarm og nærliggjande område ved å fremja interessa for scenekunst og litteratur generelt, og særleg Jon Fosse sin forfattarskap. Stiftinga har også som mål å reisa midlar til å etablere eit kulturhus i Strandebarm som skal fremja dei same føremåla.
I 2021 kjøpte stiftinga Bedehuset på Fosse og nytta for det meste dette huset til programma deira. Dei rusta opp huset og utvida årskalendaren med stor program aktivitet heile tida på dugnad.

Frå 5. oktober 2023 kl. 20:13 vart det eit paradigmeskifte for Fosse Stiftinga. Jon Fosse fekk Nobels Litteraturpris. No vart det ei stor utfordring for ein liten organisasjon. Dei var veldig utolmodige og starta arbeidet straks. Før prisutdelinga 10. desember byrja ein å leggja planar korleis ein skulle arbeida framover mot det store målet som har lege der sidan 2007. Det vart teke kontakt med kommunen som igjen tok kontakt med fylket og på nyåret 2024 fekk dei midlar til å få utarbeidd eit Forprosjekt. Dette arbeidet starta våren 2024 og vart slutført i oktober 2024.
Kvam herad, Fossestiftinga og Vestland fylkeskommune vert prosjekteigarar og Fylkeskommunen tek på seg ansvaret for prosjektleiinga.

Forprosjektet vart utarbeidd av Knut Markhus som har ein lang CV som kulturarbeidar innafor mange kulturinstitusjonar. Etter offentleggjinga av forprosjektet utvikla det seg ei splitting i synet på korleis ein skulle starta det store prosjektet med korleis vegen vidare skulle gå.
Det vert gjort endringar i styret: Åse Ljones fortset som leiar og nye medlemer er Sverre Sørnes, Kaj Wigum, Hallgeir Aase og Torbjørn Kårbø vara (det er å merka at per dato er det i Brreg framleis Åse Ljones som leiar med Arnhild Litlere, Svein Ove Duesund og Hallgeir Aase som styremedlemer). Sverre Sørnes har no fått ei sentral rolle i Fossestiftinga og vert sentral i prosessen vidare.

Arbeidet i det nye styret: Ons. 30. okt. 2024
Me har delt litt på arbeidet.
Kaj Wigum og underteikna skal ha kontakten med byråkratiet og det politiske miljøet av bygging av Jon Fosse-tunet. Åse tek seg av det noverande Fossehuset og arrangement saman med Hallgeir Aase. Korrespondanse angående Jon Fosse-tunet sendast til meg.
Mbh Sverre Sørnes

Utover seinhaust/vinter 2024/25 blussa det opp debattar i lokalavisa og seinare i landsomfattande aviser. Lokalisering av kvar Jon Fosse-tunet skal liggja opptok nærare 100% av innlegga. Berre 15 dagar etter at det vart offentleggjort at Jon Fosse fekk prisen vedtok Fossestiftinga at senteret skal liggja i Strandebarm og at området på Tangerås, der den gamle barne- og ungdomsskolen ligg, peikar seg ut som mest eigna. Vedlegg (02)

Den politiske handsaminga.
Når det gjeld å reisa større kulturiltak er ein vanleg gang i prosessen å først ha eit forprosjek

Den politiske handsaminga.

Når det gjeld å reisa større kulturtiltak er ein vanleg gang i prosessen å først ha eit forprosjekt, så eit hovudprosjekt, og så kjem driftsfasen. I ei sak frå mai 2024 ber Vestland fylkeskommune om «Tilråding for vegen vidare (hovudprosjekt)». Forprosjekt rapporten vart levert 3.10.24. Fossestiftinga var ikkje nøgde og kunne ikkje stå for rapporten. Med dette vert dei ikkje prosjekteigarar. Dermed sit Kvam herad og Vestland Fylke att som eigarar.

Det vert no ein periode med sterk lobbyisme overfor politikarar. Fossestiftinga argumenterer sterkt for lokalisering av å overta skuletomta på Tangerås. På nyåret sender stiftinga dette brevet til Kvam Herad og Fylkeskommunen (Vedlegg 03). Fosse-stiftinga ser heller ingen grunn til å bruka meir tid på forprosjektet til Knut Markhus.

Fylkespolitikarane ville ikkje ha forprosjektet ut på høyring og låser seg fast til berre eit alternativ når det gjeld lokalisering. Innstillinga frå administrasjon og fagetatar vert avviste. Einaste vedlegg som er lagt til sakspapira er ein Powerpoint presentasjon på 25 sider. Den siste tida har media avslørt at stiftinga har desinformert i høve til tilslutninga omkring lokaliseringa. Dette har seinare vorte beklaga frå styreleiar. Familien er ikkje imot at Tangerås skal utredast, men dei ser også kvalitetar som vert innspela frå andre. Estimert basert på erfaringstal frå liknande prosjekt for Fosse – tunet er totalt på kr. 149 mill. + 10% usikkerheit

Drift av Fosse-tunet.

Jon Fosse sin skrivekunst er i verdsklasse. Han er mellom dei mest spela nolevande dramatikarane i verda, og er ofte omtala som «den nye Henrik Ibsen». Teaterstykket hans er omsette frå nynorsk til meir enn 50 språk. Så langt har Fosse skrive over 40 teaterstykker, og stykket er sett opp på ulike scener over tusen gonger verda over.

Når ein skal plassera Jon Fosse så må det vera i den postmoderne epoken, men kanskje også utvikla si eiga retning. Sjølv om han er stor og vil vert mykje spelt framover, så vert han som dramatikar som oftast spela på dei mindre scenane både internasjonalt og nasjonalt.

Når me skal planleggja eit Fosse senter må ein samanlikna oss med liknande bygg og innhald som ein kan samanlikna seg med både geografisk og demografisk.

Me er redde for at Fossestiftinga og politikarane ikkje lagar estimat basert på erfaringstal frå liknande prosjekt og publikum me kan tiltrekka oss.

Konklusjon:

«Eit Jon Fosse-senter bør snakka med roleg røyst meir ennå skråla, vera smålåte meir enn prangande, bry seg om ekte innhald meir enn fasade, vera trygd forankra i nynorsken.»

Cecilie Seiness

Det vil vera svært uheldig om ein berre skal forhalda seg til ein lokasjon. Å etablera eit Jon Fosse senter i og omkring heimen i Myra vil vera råd å etablera til ein heilt annan kostnad enn å byrja på ei ny tomt med sanering av gamle bygg, og bygging av heilt nye bygg. Ein start i det små med godt innhald i tråd med det som Åse Ljones innleier med i filmsnutten. (vedl 01) vil gje mykje lågare investeringskostnad og ein heilt annan driftskostnad.

Innsendt av Dag Rune Mo, Oddvar Skogesal, Kåre Nes, Lars Djupevåg, Knut Hamre



Fosse-stiftinga

Etablert 16.12.2013

Strandebarm

Strandebarm 20.10.2023

I samråd med Jon Fosse har Fossestiftinga vedteke å byggja ut **Jon Fosse Tunet** på den gamle skulehustomta i Strandebarm inkludert dei gamle skulebygningane med tanke på gjenbruk.

Fossestiftinga har vurdert ulike plasseringar av eit slikt tun og kome fram til at denne plasseringa som den beste.

Føremoner:

1. Plassering og namn er godkjent av Jon Fosse
2. Området er «regulert» og klar til utbygging
3. Ferdig veg – vatn og kloakk
4. Bygningskroppar som kan gjenbrukast
5. God plass til mange ulike aktivitetar.
6. God plass til parkering
7. Utbygging kan skje utan å påverka bygda generelt
8. God plass til utviding etter kvart som Jon Fosse utviklar seg som skribent.
9. God avstand til alle naboar. Ingen protestar i så måte
10. Sparar enormt med tid i prosessen med å byggja ut Jon Fosse Tunet.
11. Stille område og godt eigna til refleksjon og ettertanke i Jon Fosse si ånd.
12. Slepp øydeleggja lokalområdet Jon Fosse kjem frå.

Fossestiftinga

Åse Ljones

Fosse-stiftinga. Org nr 913006232. Tlf: 95214978, 91553336, 92048761.

E postar: aaseljones@gmail.com, svesor@msn.com, sduesund@gmail.com

“Stiftinga skal ha til føremål å formidla kultur i Strandebarm og nærliggjande område ved å fremja interessa for scenekunst og litteratur generelt, og særleg Jon Fosse sin forfattarskap. Stiftinga har også som mål å reisa midlar til å etablere eit kulturhus i Strandebarm som skal fremja dei same føremåla.”

Fra: Sverre Sørnes <svesor@msn.com>
Sendt: mandag 20. januar 2025 20:40
Til: !KVAM-POLITIKK-HERADSTYRET
Emne: Framlegg til vedtak

Strandebarm 20.01.2025

Til

Heradstyret i Kvam

Frå

Fosse-stiftinga

Gode medlem av heradstyret. Godt Nytt År.

Vedtaket om Jon Fosse-tunet i fylkesutvalet datert 26.11.2024 lyder som følger:

1. Vestland fylkeskommune tek rapporten til forprosjekt Jon Fosse senter til vitande.
2. Fossestiftinga gjer eit viktig arbeid for å synleggjera forfattarskapen til Jon Fosse og få etablert eit Fosse senter. Stiftinga skal vera ein viktig aktør i arbeidet for å etablere senteret. For å styrkja senteret i deira gode arbeid og for å få etablert gode organisatoriske rammer for vidare utvikling for Fosse senteret løyvde Vestland fylkeskommune kr 500 000 i PS 125/24.
3. Vestland fylkeskommune ynskjer å bidra til at fokus framover vert på innhald og driftsmodell og går saman med Fossestiftinga og Kvam herad om å nytta skuletomta på Tangarås som lokalisering på gard nr 121 bnr 169 og 173, gnr 120, bnr 96 og 97 for Jon Fosse senteret.
4. Vestland fylkeskommune vil peika på viktigheita av å komma i gang med eit eittårig hovedprosjekt som avklarar innhald og driftsmodell. Fylkeskommunen er oppteken av å spela på lag med dei gode frivillege kreftene som Stiftinga representerar i dette arbeidet.

Med dette vedtaket synte fylkesutvalet respekt for Jon Fosse og familien og respekt for Fosse-stiftinga og det mandatet dei har fått og det arbeidet dei har gjort.

Fosse-stiftinga ser heller ingen grunn til å bruka meir tid på forprosjektet til Knut Markhus.

Stiftinga vil difor sterkt oppmoda heradstyret om å støtta vedtaket i kulturutvalet i Vestland Fylke.

Framlegg til vedtak:

Kvam herad støttar vedtaket om Jon Fosse-tunet i fylkesutvalet datert 26.11.2024

Stiftinga ser ingen argument mot at heradet gjer eit slikt vedtak.

Tvert om vil det vekkja oppsikt om ikkje heradet einstemmig sluttar seg til vedtaket i fylkesutvalet.

Nobelprisen er gitt til en strandeberming. Det er inga lita hending.

Det er ikkje tvil om at det rette vil vera å støtte fylkesutvalet sitt vedtak.

Fosse-stiftinga kjøper barndomsheimen til Jon Fosse – Myra i løpet av januar månad. Etter avtale med familien vert Myra liggjande urørt.

Takk for hjelpa.

Med beste helsing

Fosse-stiftinga

Åse Ljones Hallgeir Aase Jan Harald Landro Kaj Wigum Sverre Sørnes

Det Vestnorske Teateret

1. Skriv inn namnet ditt her:*

Atle Marøyen

2. Fyll inn namnet på organisasjonen/institusjonen du eventuelt representerer:

Det Vestnorske Teateret

3. Kven bør vere hovudmålgruppene for eit Fosse-senter?

REGIONAL FORANKRING

DVT ønsker å gi si fulle støtte til det innleiande avsnittet i punkt 5.1 i forprosjektet. Vi stiller oss sjølvstøtt bak alle gode tankar om å gjere Fosse-senteret til ein stad for både studentar, turistar, forskarar og kulturinstitusjonar. Men det viktigaste i første omgang bør vere å forankre senteret regionalt. Det betyr både at ein gjerden pågåande prosessen så demokratisk og inkluderande som mogeleg, men òg at ein tar sikte på å gi senteret eit innhald som inviterer lokalbefolkning inn. Ein skal her heller ikkje vere redd for at tilboda vert for lågkulturelle. I forprosjektet er det vist til at ein kan ha strandebarmarar på fjorden og tilbod om rotur i storm og stilla på fjorden utafor Fossetunet. Vi kan ikkje tenke oss ein betre måte å få forståing for kor inspirasjonen kjem frå - noko som er viktig for å forstå Jon Fosse si verd og forfatterskap.

Vi meiner at tilboda må ha lav nok terskel til at det store fleirtalet av befolkninga i Vestland kan kjenne seg heime.

I forprosjektet er det lista opp ni store målgrupper. DVT meiner at ein bør ha ein langsiktig strategi, der ein vågar å fokusere på ei målgruppe av gongen. Først når ein har skapt eit levande senter som er forankra i Vestland kan ein utvide satsinga til òg å gjelde andre målgrupper.

4. Kva funksjonar bør eit framtidig Fosse-senter ha?

MANGFALDET I FOSSE SITT FORFATTARSKAP MÅ FÅ EIN STOR Plass

È av dei store utfordringane med å forvalte Fosse sitt forfatterskap, er at det er uvanleg mangfaldig. Fosse skriv romanar, skodespel, dikt, essay og librettoar. Men litt forenkla kan ein kanskje seie at publikum kjenner Fosse enten som romanforfattar, eller som dramatiskar. For vår del er vi særst opptatt av at dette senteret må få ein annan status enn ein del andre forfattersentre i Noreg. Det må vise det levande, det notidige og dei evige spørsmåla i nye oppsettingar og med nye angrepsvinklar.

Det Vestnorske Teateret har i mange år forvalta dramatikaren Fosse. Vi har og samarbeid med Fossestiftinga om framsyningar. Det er derfor naturleg at vi har ei rolle i innhaldsproduksjonen knytt til denne delen av forfatterskapet.

Å produsere teaterframsyningar er svært kostbart. Det krev store investeringar i teknisk utstyr. Det krev ofte lange prosessar, som gjerne strekker seg over år. Vi trur ikkje det vil vere mogeleg for Fosse-senteret å produsere eigne framsyningar. Men om ein samarbeider med dei nynorske teatera i Vestland, Teater Vestland og Det Vestnorske Teateret samt det frie scenekunstmiljøet i Vestland, vil ein saman kunne gi publikum Fosse-framsyningar i dei delane av året der det er naturleg. Vi meiner og det er aktuelt med gjestespel frå andre teater, både i inn- og utland, som viser Jon Fosse sin dramatik med annan kulturell bakgrunn.

È berande kraft i Fosse sitt forfatterskap er nynorsken og korleis han nyttar språket som eit eige element i det han skriv. Då Nobelprisen var eit faktum, framheve han sjølv at han takka nynorsken. Vi må difor framheve at Fosse sitt tilhøve til det nynorske skriftmålet får ein viktig plass i senteret.

5. I tillegg til dei tre som står bak forprosjektet: Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å realisere senteret?

Innleiingsvis, sjå svaret på føregåande spørsmål der vi har vektlagt dramatikaren Fosse og dei samarbeid som må etablerast for å verkeleggjere framsyningar.

ORGANISERING OG FORANKRING

Vi meiner at senteret må vere knytt til dei lokale kreftene i Kvam herad som saman med Universitetet i Bergen og Skrivekunstakademiet sikrar eit lokalt engasjement og ei akademisk og litterær ryggdekning for senteret. Eit slik senter vil få ringverknadar som er viktig for forfattarkulturen i området, ikkje minst Skrivekunstakademiet vil dra nytte av den krafta som ligg i eit slikt miljø.

Senteret må sikre seg at det har den naudsynte kompetansen i formidling av det litterære og dramatiske forfattarskapet.

6. Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å sikre langsiktig og god drift av senteret?

Finansieringa av verksemda er viktig på lang sikt. Der peikar rapporten på Stat, vertskommune og Vestland Fylkeskommune. Det er viktig at dette vert stabile samarbeidspartnarar frametter. det er og viktig at det vert etablert eit styre, der det er balanse mellom det som skal vere litterær og dramatisk kompetanse, og det som gjeld drift og marknadsføring.

7. Har du andre innspel eller kommentarar som gjeld rapporten frå forprosjektet, så kan du legge dette inn her:

Sjå eige brev sendt per post

VESTLAND FYLKESKOMMUNE
Pb. 7900
5020 Bergen

Bergen, 27. mai 2025

Attn.: Direktør kultur og folkehelse Per Morten Ekerhovd

Vår ref.: 25/021-01_TB/am

INNSPEL FRÅ DET VESTNORSKE TEATERET TIL FORPROSJEKTRAPPORTEN OM JON FOSSE-SENER I STRANDEBARM

Vi vil takke for moglegheita til å kunne kome med innspel til forprosjektrapporten. Forvaltinga av forfattaren og forfattarskapen til Jon Fosse er eit nasjonalt ansvar. Samstundes vil Det Vestnorske Teateret i denne høyringa legge vekt på den regionale og lokale tilhøyrsla som Jon Fosse si diktning og dramatikk har til Vestlandet, til fjorden, til folket og til togn. Det er og naturleg for teateret og løfte samtidsdramatikken opp som eit eige tema, fordi det er gjennom den at Jon Fosse kan hende når eit enno større publikum. Eit Fosse-senter skal stå for all framtid, og det er viktig at vi i denne prosessen finn ei løysing som er berekraftig og som best mogleg forvaltar Fosse sin forfattarskap. Såleis bør vi ta oss tid til å finne den beste løysinga.

REGIONAL FORANKRING

DVT ønsker å gi si fulle støtte til det innleiande avsnittet i punkt 5.1 i forprosjektet. Vi stiller oss sjølv sagt bak alle gode tankar om å gjere Fosse-senteret til ein stad for både studentar, turistar, forskarar og kulturinstitusjonar. Men det viktigaste i første omgang bør vere å forankre senteret regionalt. Det betyr både at ein gjer den pågåande prosessen så demokratisk og inkluderande som mogeleg, men òg at ein tar sikte på å gi senteret eit innhald som inviterer lokalbefolkning inn. Ein skal her heller ikkje vere redd for at tilboda vert for lågkulturelle. I forprosjektet er det vist til at ein kan ha strandebarmarar på fjorden og tilbod om rotur i storm og stilla på fjorden utafor Fossetunet. Vi kan ikkje tenke oss ein betre måte å få forståing for kor inspirasjonen kjem frå – noko som er viktig for å forstå Jon Fosse si verd og forfattarskap.

Vi meiner at tilbodet må ha lav nok terskel til at det store fleirtalet av befolkninga i Vestland kan kjenne seg heime.

I forprosjektet er det lista opp ni store målgrupper. DVT meiner at ein bør ha ein langsiktig strategi, der ein vågar å fokusere på éi målgruppe av gongen. Først når ein har skapt eit levande senter som er forankra i Vestland kan ein utvide satsinga til òg å gjelde andre målgrupper.

MANGFALDET I FOSSE SITT FORFATTARSKAP

Ei av dei store utfordringane med å forvalte Fosse sitt forfattarskap, er at det er uvanleg mangfaldig. Fosse skriv romanar, skodespel, dikt, essay og librettoar. Men litt forenkla kan ein kanskje seie at publikum kjenner Fosse enten som romanforfattar, eller som dramatikar. For vår del er vi særst opptatt av at dette senteret må få ein annan status enn ein del andre forfattarsentre i Noreg. Det må vise det levande, det notidige og dei evige spørsmåla i nye oppsettingar og med nye angrepsvinklar. Det Vestnorske Teateret har i mange år forvalta dramatikaren Fosse. Vi har og samarbeid med Fossestiftinga om framsyningar. Det er derfor naturleg at vi har ei rolle i innhaldsproduksjonen knytt til denne delen av forfattarskapet.

Å produsere teaterframsyningar er svært kostbart. Det krev store investeringar i teknisk utstyr. Det krev ofte lange prosessar, som gjerne strekker seg over år. Vi trur ikkje det vil vere mogeleg for Fosse-senteret å produsere eigne framsyningar. Men om ein samarbeider med dei nynorske teatera i Vestland, Teater Vestland og Det Vestnorske Teateret, samt det frie scenekunstmiljøet i Vestland, vil ein saman kunne gi publikum Fosse-framsyningar i dei delane av året der det er naturleg. Vi meiner og det er aktuelt med gjestespel frå andre teater, både i inn- og utland, som viser Jon Fosse sin dramatik med annan kulturell bakgrunn.

Ei berande kraft i Fosse sitt forfattarskap er nynorsken og korleis han nyttar språket som eit eige element i det han skriv. Då Nobelprisen var eit faktum, framheve han sjølv at han takka nynorsken. Vi må difor framheve at Fosse sitt tilhøve til det nynorske skriftmålet får ein stor plass i senteret. Senteret må sikre seg at det har den naudsynte kompetansen i formidling av det litterære og dramatiske forfattarskapet.

ORGANISERING OG FORANKRING

Vi meiner at senteret må vere knytt til dei lokale kreftene i Kvam herad som saman med Universitetet i Bergen og Skrivekunstakademiet sikrar eit lokalt engasjement og ei akademisk og litterær ryggdekning for senteret. Eit slik senter vil få ringverknadar som er viktig for forfattarkulturen i området, ikkje minst Skrivekunstakademiet vil dra nytte av den krafta som ligg i eit slikt miljø.

Finansieringa av verksemda er viktig på lang sikt. Der peikar rapporten på Stat, vertskommune og Vestland Fylkeskommune. Det er viktig at dette vert stabile samarbeidspartnarar frametter. Det er og viktig at det vert etablert eit styre, der det er balanse mellom det som skal vere litterær og dramatisk kompetanse, og det som gjeld drift og marknadsføring av eit slikt senter.

Helsing

Det Vestnorske Teateret

Thomas Bye (sign.)
Teatersjef

Atle Marøen
Direktør

Hardanger og Voss museum

1. Skriv inn namnet ditt her:*

Åsmund Kristiansen

2. Fyll inn namnet på organisasjonen/institusjonen du eventuelt representerer:

Hardanger og Voss museum

3. Kven bør vere hovudmålgruppene for eit Fosse-senter?

Fagfolk: Forfattarar, scenekunstnarar, litteraturvitarar, omsetjarar.
Bom og unge: Elevar på grunnskule og vidaregåande skule. Yngre bom.
Studentar
Lokalfolk
Reisande, turistar
Digitale brukarar
(Sjå utfyllande argumentasjon i vedlagd dokument)

4. Kva funksjonar bør eit framtidig Fosse-senter ha?

Formidling av barndomsheimen
Konsertar, opplesingar, foredrag
Opplevingar i landskapet ved og på sjøen og til fjells
Utstillingar, som kunst og informasjon om Jon Fosse og forfattarskapen
Oppleving av forfattarskapen (ved opplesing, film o.l.)
Formidling i form av undervisningsopplegg og tilbod til besøkande i alle aldrar
Teaterscene (som tilbyr andre å oppføre teater), med tilhøyrande funksjonar som systove/verkstad, garderobar. Bør vera fleksibel, mogleg å bruke til musikk, utstilling m.m. Bør ha Riksteater-standard
Dokumentasjonssenter (bibliotek, arkiv, foto)
Tilbod til bom og unge
Kafe, butikk, toalett parkering, universell utforming
Foaje, område for mottaking, opningar m.m.
Digital formidling
Forvalting av kulturmiljøet omkring barndomsheimen og bedehuset
Fagleg leiing
Gjesteresidens
Arbeidsplassar med kontor, møterom osv.
(Sjå utfyllande argumentasjon i vedlagd dokument)

5. I tillegg til dei tre som står bak forprosjektet: Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å realisere senteret?

Kultur- og likestillingsdepartementet
Nynorsk kultursentrum, Nasjonalbiblioteket, Kvam folkebibliotek og Samlaget
Teaterfagleg kompetanse
Hardanger og Voss museum

6. Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å sikre langsiktig og god drift av senteret?

Kommune, stat og fylke må bidra med faste, årlege driftsmidlar.
Me meiner det er Hardanger og Voss museum som vil vera den beste å samarbeida med for å sikra langsiktig og god drift av senteret. Grunnen er at HVM har eit oppegåande og profesjonelt driftsapparat for å drive kulturinstitusjonar i regionen.
(Sjå utfyllande argumentasjon i vedlagd dokument)

7. Har du andre innspel eller kommentarar som gjeld rapporten frå forprosjektet, så kan du legge dette inn her:

Hardanger og Voss museum har skreve eit dokument som grunngjev innspela. Dette vert sendt inn til postmottak.

Vestland fylkeskommune
post@vlfk.no

Norheimsund, 27.5.2025

Dykkar ref: saksnummer 2025/32134

Høyringssvar – forprosjekt Jon Fosse-senter i Strandebarm

Me takkar for høvet til å koma med høyringssvar til forprosjektet for eit Jon Fosse-senter i Strandebarm.

Kort om Hardanger og Voss museum

Hardanger og Voss museum (HVM) er regionmuseum for Hardanger og Voss. HVM vart etablert som ei stifting i 2006 av desse institusjonane: Kvam bygdemuseum, Ingebrigt Vik museum, Hardanger fartøyvernssenter, Kunsthuset Kabuso, Granvin bygdemuseum, Hardanger folkemuseum, Agatunet og Voss folkemuseum (frå 2008).

Verksemda til HVM spenner frå kulturhistorie til samtidskultur, frå kunsthistorie til samtidskunst, frå gjenstandssamlingar til utøvande handverk, frå bygningsvern til fartøyvern, frå det lokale til det internasjonale. HVM har konsertscener for profesjonelle utøvarar og samarbeider med frivillige på mange felt.

Som ein moderne kultur- og kunnskapsinstitusjon driv me forsking og kunnskapsutvikling, rådgjeving, undervising, opplæring og historieforteljing til besøkande frå nær og fjern. HVM har medarbeidarar frå mange nasjonar og ynskjer å spegla mangfaldet i det norske samfunnet.

HVM er læreverksemd i tradisjonshandverka trebåtbyggjar, reipslagar, smed og tømrrar. HVM er sertifisert Miljøfyrtårn og EVS-vertsorganisasjon (vert for europeisk ungdom som ynskjer arbeidspraksis).

HVM har tariffavtale og eit godt partssamarbeid. HVM er medlem av arbeidsgjevarorganisasjonen Virke og hovuddelen av dei tilsette er organiserte i to fagforeiningar: Fagforbundet og Forskarforbundet. Verdiane våre er: truverdig, raus og engasjert. Me har eit mål om at dei som kjem til oss skal få gode opplevingar å bryna seg på.

Kven bør vera hovudmålgruppene for eit Fosse-senter?

HVM sluttar seg til hovudtrekka i forprosjektrapporten «Jon Fosse-senter i Strandebarm». Kapittel 4.2 *Føremål og ynskje* peiker på viktige element som bør liggja til grunn for eit Fosse-senter. Når det gjeld tidsplanen som det er lagt opp til i forprosjektet, er det ikkje lett å seia kor lang tid det vil ta å gjennomføra eit hovudprosjekt. Søknadsordningane som skal ligga til grunn for finansiering av eit byggeprosjekt har sakshandsamingstid, men HVM meiner det er ein fordel å planlegge eit senter i form av ein bygning, samstundes som dei elementa som alt er etablert vert ført vidare.

Motivasjonane for å etablera eit Jon Fosse-senter i Strandebarm er fleire. I høyringsinnspelet vårt tek me utgangspunkt i det me oppfattar som den nasjonale motivasjonen; eit nasjonalt kulturbygg som skal formidla Jon Fosse sin forfatterskap. Men det er viktig å ha både regionale og lokale motivasjonar med som bakgrunn for vurderingar. Her kjem mål om regional utvikling og verdiskaping, ambisjonar for lokal utvikling, for stadutvikling m.m.

Slik me oppfattar det skal Fosse-senteret romme dei aktivitetane Fosse-stiftinga har i dag, pluss litt til. Det store spørsmålet er om Fosse-senteret skal ha ein teaterscene eller ikkje. HVM meiner teater bør vera ein sentral funksjon, men med fleksible løysingar, eigenskapar og kvalitetar som gjer at det kan brukast til både teater og andre typar kulturuttrykk, arrangement og aktivitetar.

Teater-/scenekunst er ei kostnadskrevjande kunstform, og mange fagfelt er involverte i ein produksjon. Det vil vera naudsynt å ha tilgang til produksjonsmidlar kvart år dersom scenekunsten skal prega senteret. Dette er dermed noko som vil stor påverknad på driftskostnadene. På liknande måte er residensordninga ein funksjon som vil krevja årlege driftsmidlar. Begge desse funksjonane vil retta seg mot kunstnarar som målgruppe; forfattarar, diktarar, dramatikarar o.a. Med andre ord: Kva målgrupper ein rettar seg mot vil vera avgjerande for kva det vil kosta å driva senteret. Derfor er «målgrupper» eit stort og viktig spørsmål som vil vera avgjerande for utforminga og finansieringa av senteret.

Ein kan sjå føre seg nokre ytterpunkt. I den ein enden finn ein pilegrimen som sjølv er kunstnar, er omsetjar eller berre har lese bøker, sett skodespel og vil oppleva staden der Fosse vaks opp. For pilegrimen er det det autentiske landskapet i Strandebarm og på Fosse som gjeld. I den andre enden finn ein den meir eller mindre tilfeldige turisten, som reiser på eiga hand eller i fylgje med andre, og ynskjer eit tilrettelagd, formidla kulturtilbod. Begge grupper vil oppsøka eit Fosse-senter for å få ein «meirverdi» i høve det dei kjenner til om Fosse frå før. Kva kan ein gje desse? Er det ein stad for stille kontemplasjon eller for masseturisme?

Når ein snakkar om målgrupper må ein skilja mellom dei som kjem med ei djupare fagleg tilnærming, og dei som er ålment kulturinteresserte. Nokon kjem til å koma av seg sjølve, meir eller mindre, medan den andre gruppa vil koma dersom det er gode

kulturtilbod og -opplevingar. Korleis skal ein gje eit Fosse-senter den «vrien» som vil gjera det spanande å besøka? Ei samling av bøker vil neppe trekkja så mange.

Me har lagt til grunn eit årleg besøkstal på 20 000–30 000. Dette meiner me føreset:

- Ein god stad å vera, god arkitektur
- At dei besøkande opplever ein meirverdi i høve litteraturen
- Landskapet med natur, kulturlandskap og bygningsmiljø er ein viktig del av det som Fosse-senteret kan tilby
- Eit godt kafé-tilbod
- Gode arrangement gjennom året, som både lokale og tilreisande sluttar opp om
- Ei scene for kulturopplevingar som vert lagt merke til, som utnyttar det unike som berre Fosse-senteret kan tilby

Skal Fosse-senteret vera eit stort eller lite hus? Treng ein stor forfattar eit stort senter? Eller er det slik at ein stillfarande forfattar, som ikkje stikk seg fram, bør ha eit senter som speglar den smålåtne framferda? Det er til ein viss grad avhengig av kva ein landar på av innhald og funksjonar. Men det er òg eit val av uttrykk og arkitektur. Arkitektur og plassering i landskapet kan trekka nokre besøkande og vil vera viktig for å spegla forfattarskapen og det litterære landskapet Jon Fosse skildrar i diktinga si. I så fall er det viktig å få arkitekturen til å kommunisera godt med eksisterande bygningsmiljø og natur- og kulturlandskap.

Ein skal ikkje undervurdera dei som kjem på besøk. Og det ein trur kan vera smalt, kan likevel ha brei interesse og breitt nedslagsfelt. Dette er ei av erfaringane frå både Hardanger fartøyvernssenter og Kunsthuset Kabuso. Men, kvalitet er ein føresetnad. **Fagfolk** av som forfattarar, scenekunstnarar, litteraturvitarar og omsetjarar vil vera viktige målgrupper. Kva skal ein tilby desse gruppene, og kor stort volum vil dei utgjera? Volumet blir kanskje ikkje stort, men me meiner det er viktig å ha fagfolka høgt oppe på lista over målgrupper. HVM trur dei vil bli trekte mot eit senter som har høg kvalitet i dokumentasjon, formidling og oppleving. Og at andre med meir generell interesse for Fosse, litteratur og kultur vil ha utbyte av det som vert presentert og bydd på av aktivitetar. Som det står i forprosjektrapporten: Sikt smalt for å treffa breitt.

Scenekunstnarar kan bli ei viktig gruppe fagfolk. Med det meiner me regissørar, skodespelarar og produsentar – frå heile verda – som ynskjer å arbeida med og å setja opp skodespel i heimbygda til Jon Fosse. Dersom dette blir ei viktig målgruppe, vil det vera viktig å utvikla gode fasilitetar for teater. Me kjenner ikkje til kor stor denne målgruppa kan vera, eller kva type finansiering som må liggja til grunn. Me trur at det kan samanliknast med å arrangera ei utstilling med ein samtidskunstnar. Slik som i Kunsthuset Kabuso, der vanlegvis tre stadspesifikke utstillingar vert arrangerte kvart år. I slike tilfelle legg kunstnarane ein stor innsats inn i utstillinga, i tillegg til fagfolka ved Kabuso. For kunstnarane er det er mogleg å søka om prosjektmidlar. Men me meiner Fosse-senteret burde hatt ei viss finansiering til å setja opp nokre skodespel gjennom året. Då ville det kunne bli eit interessant kulturtilbod for besøkande, og gje rom for scenekunstnarar til å setja opp verk av Fosse i heimbygda hans.

Skuleborn og -ungdom er ei opplagt målgruppe. Ein må rekna med at det i hovudsak er skulane i Kvam herad som kjem. Det er diverre få elevar som kryssar kommunegrensene. Sjølv om elevane kjem gratis inn, trengs det pengar til transport. Dersom ein planlegg å tilby undervisningsopplegg ut over Kvam, må Fosse-senteret leggja ein strategi for å skaffa desse elevane transport, eller ein kan utvikla omreisande skuletilbod.

Studentar er ei målgruppe som kan gje positive ringverknader til eit Fosse-senter på mange vis. Det kan vera studentar som vil skriva om Fosse sitt arbeid og kunstnarskap, som igjen kan gje ny kunnskap. Det kan vera studentar innan scenekunst som vil fordjupa seg i Fosses tekstar. Det kan vera folk som vil arbeida på Fosse-senteret, og som kan vera gode ambassadørar.

Lokalfolk er ei viktig målgruppe. Då tenkjer me på folk i Strandebarm, i Kvam, i Hardanger, Sunnhordland, Voss og Bergen. Dette er litt ulike interessegrupper, trass alt, men avgjerande for at senteret skal lukkast på alle vis. Når lokale folk støttar opp om prosjektet vil alt arbeid med det gå mykje greiare enn om ein møter motstand. Lokal suksess vil føra til besøk frå lokale folk, som igjen vil vera gode ambassadørar. Lokal forankring kan seiast å vera ein føresetnad for å lukkast. Kunsthuset Kabuso kom ikkje som fylgje av eit folkeleg engasjement, men etter eit politisk vedtak, slik det står i forprosjektrapporten (s. 30). Men det er over mange år gjort ein stor innsats for å få lokal forankring, for å få lokale folk til å bruka Kabuso. Terskelen er senka gjennom mange ulike aktivitetar og arrangement, noko som har ført til at fleire brukar Kabuso i det daglege, på utstillingar og konsertar.

Fosse-stiftinga har ein viktig «kapital», og det er dei arrangementa og aktivitetane dei har på CV-en. Denne lokale forankringa vil vera mykje verd i det vidare arbeidet med eit Fosse-senter.

Reisande, turistar, anten dei kjem i bil, båt eller buss, må vita om Fosse-senteret. Jon Fosse har eit *namn*, det er kjent at han kjem frå Hardanger og Strandebarm. I alle fall om ein skal tru undersøkinga til Visit Hardanger vinteren 2025. Men *Camp Lothepus* er meir kjend, i følgje undersøkinga. Dette kan seia noko om kva type kulturtilbod som appellerer breiast i regionen vår. Det er altså ein jobb å gjera eit *Fosse-senter* kjend for dei reisande i Hardanger og regionen elles.

HVM meiner det er best å satsa på høg kvalitet i dei tilboda og aktivitetane som besøkande kan få. Det er betre å satsa på besøkande som har interesse for Fosse, enn på bussgrupper som har kort tid til rådvelde. Me meiner ikkje at ein skal seia «nei» til t.d. cruise-turistar, men me trur det er betre å ha ein meir nøktern innfallsvinkel. Då vil det bli eit betre tilbod til dei som kjem i større grupper òg.

Digitale brukarar er viktige. Tilbod på internett kan ein sjå på som eigne, frittståande tilbod. Ikkje berre som marknadsføring av dei tilboda som finst ved Fosse-senteret.

Vil eit Fosse-senter bli eit mål for masseturisme? Kva besøkstal vil ein få? Kor mange besøkande skal ein dimensjonera eit Fosse-senter til? Ut frå kva andre kulturinstitusjonar har av besøk i regionen, og liknande senter nasjonalt, meiner me at ein kan gå ut frå eit besøkstal på opp mot 30 000. Dette inkluderer både betalande og ikkje-betalande gjester. Men det viktigaste er kanskje å sjå føre seg kor mange besøkande ein kan få samstundes. Eit utgangspunkt kan vera 150 personar på omvising og i kafé. Då kan det vera passeleg med parkeringsplass til to bussar samstundes. Ut frå besøkstala det er vist til i forprosjektet, meiner me dette kan vera eit godt utgangspunkt for å dimensjonera tilbodet. Dei viktigaste vurderingane er at ein slik attraksjon er avhengig av å ha andre attraksjonar i nærleiken for å få høgare besøk, jf. omtalen av Kraftmuseet i forprosjektrapporten. Hardanger fartøyvernssenter i Norheimsund ligg i regionsenteret, trafikknutepunkt, nær hotell og attraksjonen Steinsdalsfossen. Besøkstal i 2024 var oppunder 20 000.

Kva funksjonar bør eit framtidig Fosse-senter ha?

Forprosjektrapporten har omtalt fleire funksjonar. Me vil kommentera dei i same rekkefylgje som rapporten.

Aktivitetane og tilboda som Fosse-stiftinga skipar til i dag er av høg kvalitet og er relevante å føra vidare. Konsertar, foredrag, festivalen Fossedagane er døme på slike arrangement. HVM trur at festivalen «Fosse-dagane» kan bli større, og at Fosse-senteret bør ha dette for auge i vidare planlegging.

Opplevingar i landskapet og på fjorden bør stå sentralt. Dette er noko ein berre kan oppleve i Strandebarm, landskapet som har skapt det *litterære* landskapet til Fosse.

Barndomsheimen og landskapet trur me vil vera det viktigaste for å få folk til å koma hit, utanom Fosse-dagane og andre større arrangement. Innhaldet, tilbodet og aktivitetane vil få mykje å seia. Og då handlar det mykje om formidling, korleis ein gjer det, korleis ein formar det som ligg her av «råmateriale».

HVM ser føre seg at arrangement (teater, konsert, foredrag, opplesing, festival) vil vera kjernefunksjonen i eit Fosse-senter. Senteret skal likevel tilby aktivitetar, utstillingar og kunnskap meir eller mindre dagleg heile året. Det vil i så fall bli lågsesong utanom sommarsesong, og mellom arrangementa. Planlegging av Fosse-senteret med tanke på drift i lågsesong er viktig. Ein må rekna med at driftsmidlar kjem til å bli ein knapp ressurs.

Dersom ein skal gje besøkande ei autentisk oppleving og la landskapet vera ein viktig «meirverdi» til litteraturen, må staden der Fosse vaks opp stå i sentrum, i tillegg til fjorden, naustet, båten og dei andre sentrale stadene i landskapet. Med eit senter nokre kilometer unna gjer ein denne opplevinga meir eksklusiv. Me trur mange av dei ålment kulturinteresserte vil stoppe éin av stadene. Så då vert det eit spørsmål om kva ein vil tilby på dei to stadene. Kanskje heimen berre er tilgjengeleg i høgsesongen, medan senteret har ope heile året.

Barndomsheimen Myra: Barndomsheimen med tunet, naust, støl og uteområde vert i seg sjølv eit autentisk kulturmiljø (altså ei samling av kulturminne i eit kulturlandskap). Korleis dette skal forvaltast kan avklarast nærare i ein forvaltingsplan, men uansett vil det krevja ressursar å halde det i orden. Avhengig av den kulturvernfarelege forvaltinga vil det krevja visse fagressursar til å forvalta bygningar, gjenstandar, hage og bøar. Dette er ein funksjon som ein ikkje kan velja vekk, og som vil bidra svært positivt til Fosse-opplevingar ein ikkje kan få andre stader enn her på Fosse. I ein forvaltingsplan bør ein avklara kva som skal takast vare på som museum, og kva ein kan tillata seg å tilpassa til ny bruk. Besøk og formidling krev nokre fasilitetar, som toalett, parkering, lager m.m. HVM meiner det er viktig å gje besøkande høve til å oppleva tunet og såleis opna det for besøkande. Det bør som eit minimum vera eit vertskap der i sommarsesongen.

Fosse-huset: Det tidlegare bedehuset på Fosse er no det fungerande Fosse-senteret. Her er ein fin og god sal for konsertar, opplesingar, foredrag og andre aktivitetar. Dette er i seg sjølv eit kulturminne det er verdt å ta vare på. Det har gode kvalitetar, sjølv om det ikkje har dagens tekniske bygningsstandard. Huset kan moderniserast til høgare standard og ny bruk, samstundes som ein tek vare på kulturminneverdiane. Dette er ein del av kulturmiljøet som barndomsheimen og nausttrekkja er. Forprosjektrapporten peiker på ein vev av bygningar, som kyrkja og ungdomshuset. Desse er ein del av kulturmiljøet og i Strandebarm, som ein kan finna att i Fosse si dikting.

Alle bygningane som Fosse-stiftinga rår over er ein ressurs. Og alle bygningane bør ha ein eller fleire funksjonar, om ikkje anna, så fordi bruk som regel er den beste forma for vern. I planlegginga bør ein derfor sjå heilskapen av bygningar og funksjonar.

Opplevingar av det litterære landskapet: Dei viktigaste elementa av det litterære landskapet er nemnt i dei første punkta. Korleis ein kan utvikla formidlingstilbod og aktivitetar i landskapet er det nemnt nokre eksempel på i rapporten. Desse er relevante, og det finst eit potensial for å utvikla dette vidare.

Ro ein strandebarmar, og andre opplevingar på (og ved) fjorden: Å tilby robåt som aktivitet er relevant, det vil kunne gå inn i det å oppleva det landskapet og kulturmiljøet i Strandebarm. Naustmiljøet på Fosse er i seg sjølv interessant. Bokbåten Epos er alt nytta til kulturelle arrangement, noko det er relevant å halde fram med. Andre fartøy kan vera relevante; ein kan nemna hardangerjakta Mathilde og etter kvart bilferja MF Folgefonn.

Utstillingar og andre tradisjonelle formidlingsformer: Det er naudsynt å ha eit rom i eit Fosse-senter til utstillingar. Eit slikt rom bør vera fleksibelt og ein må ha eit medvite forhold til om ein vil ha utsikt og dagslys, eller om det skal vera innhaldet i rommet som er det viktigaste. HVM meiner det er betre å sjå føre seg utstillingar som temporære enn faste. Ei utstilling som står fast kan fort bli uaktuell med tanke på at formidlinga gjeld ein nolevande forfattar. Ein kan heller sjå føre seg nokre meir eller mindre faste

element i temporære utstillingar. Eit rom for utstillingar kan kombinerast med andre funksjonar, t.d. foajé, kafé eller teatersal. Innhaldet i utstillingane må planleggast godt.

Ein *presentasjon* av Jon Fosse gjennom ulike format er eit opplagt tema. *Kunst* som krinsar om Fosse sin forfattarskap eller andre ting er òg aktuelt.

Film, opplesing, lydbok, eigen lesing m.m. er aktuelle aktivitetar som ein kan gje ulike rammer. Dersom ein ynskjer å gje besøkande utsikt frå ein stad der ein kan lytte til opplesing, vil det vera ein unik oppleving som folk ikkje kan få andre stader. Då vil ein få sjå det autentiske landskapet, samstundes som ein ser det litterære landskapet til Fosse

Ein stad for både skulesekken og spaserstokken: Ja, det er viktig at ein ser føre seg fleire aldersgrupper når aktivitetar, tilbod og arrangement vert planlagt. Og som rapporten peikar på, det kan vera ein god strategi å driva oppsøkande verksemd, både til skular og andre institusjonar. Som nemnt ein annan stad i høyringsinnspelet vårt: Erfaringa vår er at det ikkje kjem mange skuleelvar frå andre kommunar. Anten må Fosse-senteret skaffe midlar til å skyssa elevar til Strandebarm, eller så må senteret driva oppsøkjande verksemd.

Ein stad for både Fosse-pilegrimen og bussturisten: Poenget med dette punktet er at det må vera kvalitet på tilbodet til Fosse-senteret, og at ein må sjå føre seg aktivitetar som passar for alle.

Eit utval scener for drama: Forprosjektrapporten nemner ulike scener for framføring av drama. For eit nytt Fosse-senter blir spørsmålet om ein skal satsa på ein eigen permanent scene. Vår erfaring er at funksjonar må brukast for å haldast i orden. Kunsthuset Kabuso har til dømes ein konsertsal som treng eigen kompetanse for å kunne haldast operativ til ein kvar tid. Det er ikkje ei full stilling, men det er viktig å vera klar over at ein funksjon som teatersal treng ressursar sjølv om han er sjeldan i bruk. Me trur at ein teatersal kan vera sentral i eit Fosse-senter, men presiserer at det er viktig med jamn bruk, og at det er oppegåande kompetanse på drift av salen. I så fall bør teatersalen vera eit fleksibelt «fleirbruksrom» og kunne fungera som utstillingslokale, konsertscene, prøvelokale og andre ting.

Som forprosjektet peikar på: Det finst fleire moglege scener å framføra teater på. Men det er jo ikkje tvil om at det hadde vore bra med ein sal som er godt eigna for teater. Og ute-teater krev òg fasilitetar som garderobe, lager, lys og lyd. I så fall bør salen vera fleksibel slik at det òg er mogleg med fleirbruk og som kan bli rigga til ulike format for gjesteproduksjonar. Salen kan vera ein kjerne i det å spela teater på andre scener.

I skrivande stund spelar Den Nationale Scene teater i Christinegården i Bergen. Bergens Tidende sin meldar meiner det burde vore ein «varig variasjon» at teateret spelte utanfor sin eigen faste scene. Ettersom heile bygda pregar forfattarskapen til Jon Fosse, bør ein i planlegginga ha med seg ein eller fleire stader der det er råd å føra opp teater ute. Er kanskje verkstadslokale (systove, kulisser, lyd/lys) og fasilitetar som gode

garderobar, viktigare enn ein høgteknologisk teatersal? Det er i alle høve eit spørsmål ein må stilla seg. Dessutan må ein ta stilling til om ein skal lage ein scene med tanke på at Riksteateret skal kunne spela der.

Scene for framføring av musikk m.m. har Fosse-huset i dag, og dette vil etter vårt syn vera ein viktig funksjon framover. Salen og scenen i det tidlegare bedehuset fungerer bra, i alle fall til det me har erfart. Men ein fleksibel teatersal bør ha eigenskapar og kvalitetar som gjer han eigna til ulike typar musikk.

Kulturhusfunksjonen: Eit Fosse-senter vil kunne dekke visse behov for andre aktørar i høve scene og kafé. Om det er mogleg med samdrift av andre kulturhusfunksjonar i regi av kommunen, er uklart for oss på noverande tidspunkt. Kulturskulen og lokale utøvarar vil kunne bli brukarar av Fosse-senteret.

Bibliotek og magasin: HVM meiner det er rimeleg å sjå føre seg slike funksjonar. Kanskje ein kan kalla det dokumentasjonssenter, der både bøker, arkivmateriale, kunst, foto, gjenstandar osv. vert dokumenterte og tekne vare på under kontrollerte forhold. Dette er òg ein funksjon der ein kan samarbeida med eksterne arkiv, bibliotek, museum osv.

Ein digital møteplass: Ein nettstad med digitale ressursar, jf. punktet om dokumentasjonssenter, vil vera eit relevant tilbod. Etter vår erfaring er digital formidling, informasjonsarbeid og det å gjera faglege ressursar digitalt tilgjengelege, nærast eit eige fagfelt.

Fagfunksjonen: HVM er einig i at eit Fosse-senter ikkje bør ha som målsetjing å vera det viktigaste faglege miljøet for forskning på Fosse sin litteratur. Her vil ein i så fall konkurrera med etablerte institusjonar som har heilt andre vilkår enn det ein kan sjå føre seg for eit Fosse-senter. Samarbeid med slike institusjonar er viktig, og for å kunna samarbeide godt må der vera fagpersonar ved Fosse-senteret som er på høgde med dei ein skal kommunisera med.

Gjesteresidens: Residens eller skrivestove for til dømes forfattarar, andre kunstnarar, forskarar er ein relevant funksjon, som alt er sett i verk av Fosse-stiftinga. Denne funksjonen er knytt til staden. Som forprosjektrapporten nemner er ikkje dette å rekna som ei inntektskjelde, men derimot som noko som har ei kostnadsside i forhold til drift og oppfølging. Det fylgjer ei vertskapsrolle med residensfunksjonen. Vertskapet må vera fagleg skikka. Ein må vurdere kva som skal fylgja med. Er det berre bustad? Bør ein ha eit fagleg miljø og andre faglege ressursar tilgjengeleg? Kva ynskjer Fosse-senteret å oppnå med ein residens? Skal det t.d. munna ut i konkrete resultat som kan nyttast i formidlinga ved Fosse-senteret? Ei positiv side med ein gjesteresidens er at ein kan få mange gode kontaktar, og vonleg mange gode ambassadørar for både Fosse-senteret og Jon Fosse. Kanskje òg faglege resultat.

Ein kan òg sjå føra seg ei residensordning for scenekunstnarar som vil arbeida med og i Fosses univers. I ei slik ordning kan kompani eller grupper søka om produksjonsmidlar,

og nytta senteret som prøvelokale. Målet må vera å trekka til seg internasjonale scenekunstprosjekt. Dette kan gje liv i senteret også utanom publikumsarrangementa. Ei slik ordning krev då eigna bustadar for dei besøkjande kunstnarane.

*Tilbod til **born og unge** bør utviklast.* Slike tilbod bør omfatta aktivitetar for dei som kjem innom for kortare tid, og for skuleelevar som har ein eller fleire dagar. Kunsthuset Kabuso har klubb for born (Bornas Kabuso), liknande tilbod kan utviklast på Fosse-senteret. Det me saknar i Kabuso er ein verkstad for born. I eit Fosse-senter bør ein tenka på eit rom for aktivitetar for born, som gjev rom for meir utfolding enn å lesa. Dette kan vera del av verkstaden som vert nytta til systove og kulissar.

Kafeen, butikken, toaletta: Dette er naudsynte funksjonar for eit Fosse-senter i Strandebarm. Ein kafé kan drivast på mange vis og nivå. Det kan vera ein enkel meny som vert handtert av den eller dei som står i resepsjonen. Dette krev i så fall at ein planlegg inngang og kafé saman. Profilen på kafétilbodet bør vera nokolunde klart når ein prosjekterer bygget, då det er ei rekke val som må gjerast i høve kjøkenutstyr osv. Me trur ein god kafé vil vera eit positivt element, kanskje òg eit naudsynt element, for å få gode besøkstal.

Foajé til mottaking, opningar m.m. kan vera i tilknyting til kafe.

Arbeidsplassen: Forprosjektet slår fast at ein godt fungerande organisasjon av dyktige og engasjerte tilsette er avgjerande for å få til eit godt tilbod. Dette vert ei profesjonell kultur- og kompetanseverksemd, noko som krev stabil og føreseieleg finansiering. Fosse-senteret må stå fram som ein stad der folk har lyst til å arbeida, ein god arbeidsgjevar. Økonomistyring, personalpolitikk, fagleg og administrativ leiing er stikkord for ein velfungerande kultur- og kompetanseinstitusjon som Fosse-senteret vil vera. Arbeidsplassar, kontor, møterom, verkstad for vedlikehald, lager, arkiv er alle rom som må inn i eit Fosse-senter.

Parkering, toalett, universell utforming; dette er viktige funksjonar både i høve eit nytt kulturbygg og dei eksisterande eldre bygningane.

Oppsummert bør det vera følgjande arbeidsfunksjonar (stillingar) ut over administrasjon og leiing, ut frå dei funksjonane som er nemnde over. Nokre av funksjonane kan kombinerast i same stilling:

- Fagleg leiing
- Formidlings-/undervisningsleiing
- Digital formidling
- Kommunikasjon og marknadsføring
- Arrangement, booking, program
- Resepsjon, butikk
- Kafe
- Vertskap, praktisk formidling og omvising
- Sceneteknikk
- Bygg- og anleggsansvarleg, både drift og fagleg forvaltning

- Samlingsforvaltar/arkivar/bibliotekar
- Drift av gjesteresidens

Kven vil det vera viktig å samarbeide med for å realisere senteret?
Kultur- og likestillingsdepartementet er viktige å samarbeida med for å få realisert senteret, i tillegg til dei tre som står bak forprosjektet.

Nynorsk kultursentrum, Nasjonalbiblioteket, Kvam folkebibliotek og Samlaget er viktige samarbeidspartar for å finne dei rette funksjonane og innhaldet i senteret som gjeld litteraturen, informasjon om forfattaren m.m.

Teaterfagleg kompetanse, både praktisk og kunstnarleg, bør vera med i planlegginga vidare, slik at ein får det rette funksjonane i høve det nivået ein vel å leggja seg på.

Slik me ser det er det eit viktig spørsmål om Fosse-senteret skal ha Hardanger og Voss museum eller Nynorsk kultursentrum som næraste samarbeidspart. Me meiner at HVM er det beste valet, av fleire grunnar. I ein oppbyggingsfase, når senteret skal realiserast, vil HVM kunne bidra med erfaring frå oppbygging og drift av andre kulturinstitusjonar i regionen. Med planlegging og bygging av nytt publikumsbygg ved Hardanger fartøyvernsenter, som opnar i juni 2025, vil HVM kunne stilla med fersk erfaring som vil vera nyttig ved realisering av Fosse-senteret.

HVM som samarbeidspart for å sikre langsiktig og god drift
HVM har erfaring og kompetanse som vil vera nyttig for eit Fosse-senter i Strandebarm. Me har stilt oss til rådvelde som ein mogleg samarbeidspart for Fosse-senteret.

HVM har ikkje driftsmidlar å bidra med i eit Fosse-senter. Dette må kommune, stat og fylke bidra med.

Hardanger og Voss museum har ein profil der kvar enkelt institusjon har sin særeigne identitet og arbeidsfelt. Voss folkemuseum, Hardanger folkemuseum, Kunsthuset Kabuso – dette er døme på etter måten autonome faglege einingar og som rettar seg til ulike målgrupper. Hardanger fartøyvernsenter er ein nasjonal institusjon med eit internasjonalt nedslagsfelt, som har fått utvikla seg innafor rammene til HVM.

Ein kan velja to hovudretningar i høve konsolidering: Geografisk eller fagleg. Dei fleste konsoliderte museum i Noreg, utanfor byane, er organiserte etter eit geografisk prinsipp. Ein klar fordel med dette er at kommunikasjon med dei lokale og regionale forvaltingsnivåa blir greiare enn om ein skal retta seg etter fleire regionar. Kontakt og samarbeid med kommunane er viktig, og det er ein fordel for både det konsoliderte museet, den enkelte museumseininga og den enkelte kommune at det er færrast mogleg å forhalda seg til. For Kvam herad vil det truleg vera greitt å halda seg til éin museums-aktør.

HVM har faktisk både litteratur- og teaterkompetanse, men det er ikkje poenget her. Ein må uansett rekruttera folk med ønskt kompetanse til dei ulike stillingane ved eit nytt Fosse-senter. HVM har kompetanse på samtidskunst og -kultur, og ikkje minst arrangements-kompetanse i Kvam. Slik kompetanse finst alt i Fosse-stiftinga, men ein må sjå føre seg at drifta vert meir omfangsrik og at ein dermed treng fleire folk til å driva tilbod og aktivitetar. I Kunsthuset Kabuso er det fleire delte stillingar som kanskje kunne vore utvida til å driva visse ting i Fosse-senteret. Her finst det truleg rom for synergieffektar.

Oppsummert nokre gode grunnar til at HVM vil vera ein viktig samarbeidspart for å sikra langsiktig og drift:

- Ein eksisterande oppegåande kultur- og kunnskapsinstitusjon med stabsfunksjonar og fellestenester som rekneskap, personalfunksjonar, bedriftshelseteneste, verneombod, tariffavtale osv. I 2024 hadde HVM 70 faste tilsette, men 219 sto på lønningslista dette året. Felles stab er lokalisert i Norheimsund.
- Marknadsføring i regionen, nasjonalt og internasjonalt.
- Eit profesjonelt og dyktig fagmiljø knytt til samtidskunst ved Kunsthuset Kabuso. Her er òg kompetanse på scene- og musikkproduksjon.
- Fagmiljøet ved Fosse-senteret vil ha betre føresetnader for å bli robust dersom dei har nærleik til eit felles kollegium, enn om dei ikkje har det.
- Fagmiljø knytt til bygningsvern, både rådgjeving, handverk, opplæring og vidareutdanning.
- Båten står sentralt ved Hardanger fartøyvernsenter. Både færingen og hardangerjakta SJ Mathilde, bilferja MF Folgefonn, fiskebåten MK Vikingen og lystbåten MY Faun er tilgjengelege og i bruk.
- Eit eksisterande fagmiljø for forskning, formidling, marknadsføring og andre faglege og driftsmessige tema.
- Dei ulike avdelingane i HVM har sin identitet sjølv om dei er delar av eit konsolidert museum. Dei samarbeider både med fagmiljøet på andre avdelingar, og eksternt med relevante fagmiljø nasjonalt, regionalt og internasjonalt.
- HVM har fersk erfaring med å prosjektera, finansiera og bygga eit nasjonalt og regionalt kulturbygg.

Me ynskjer lykke til med arbeidet vidare og ser fram til samarbeid, på den eine eller den andre måten.

Med helsing
Åsmund Kristiansen
Direktør

Hildegun Riise

1. Skriv inn namnet ditt her:*

Hildegun Riise

2. Fyll inn namnet på organisasjonen/institusjonen du eventuelt representerer:

3. Kven bør vere hovudmålgruppene for eit Fosse-senter?

Eit Fosse-senter bør ein kulturell møtestad både for born, ungdom og eit vaksnare publikum.
Det kan også vera ein møtestad for profesjonelle og amatørar.
Opphald for forfattarar og andre kunstnarar.

4. Kva funksjonar bør eit framtidig Fosse-senter ha ⁷

Eit Fosse-senter bør vektlegge ulike kulturarrangement med hovedefokus på Jon Fosse sitt tekstunivers. Etablering av bibliotek der Fosse sine bøker er til salgs. Ein liten kafe kan også vera eit tilleggstilbud. Ellers bør her etablerast eit mindre scenerom for til dømes konsertar, foredrag, poesikvelder og lesningar, mindre teater framsyningar, kurs o.l.

5. I tillegg til dei tre som står bak forprosjektet: Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å realisere senteret?

Det kan til dømes vere Det Norske Samlaget, Nasjonalbiblioteket, Norsk Forfattarsentrum, Nynorsk Kultursentrum, Det Norske teatret, Den Nationale scene, Hardanger og Voss Museum, Norsk Litteraturfestival, Litteraturhuset i Bergen Teater Vestland, Hamsun og Umdset- musea.
Lokale aktørar som Strandebarne skule og kyrkje, Haugatun, Kvam bibliotek m.fl

6. Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å sikre langsiktig og god drift av senteret⁷

Fleire av dei same nevnt ovanfor

7. Har du andre innspel eller kommentarar som gjeld rapporten frå forprosjektet, så kan du legge dette inn her:

Eg har oversendt ein epost til den aktuelle e-postadressa

Innspel til høyringa vedrørande eit Fosse-senter i Strandebarm

Fyrst vil eg takke Knut Markhus for ein svært informativ, oversikteleg og interessant forprosjektrapport.

Familien Fosse meldte i 2024 ynskje om at Fosse-stiftinga skulle overta barndomsheimen «Myra» på Fosse med to bustadhus, ei løe, naust og støl. Slik sett er det naturleg å tenkje seg at familien har tenkt at eigedommen skal vere open for det offentlege og gjerne takast i bruk på nytt vis. I nærleiken av «Myra» ligg bedehuset som seinare har blitt «Fossehuset». Her har Fossestiftinga hatt sin base og publikum har gjennom år fått ta del i mange ulike kulturarrangement. Stiftinga har her gjort ein stor jobb med å skapa ein kulturell møteplass med eit mangfaldig program - og då særleg med fokus på Jon Fosse sitt forfattarskap. Stiftinga har også teke i bruk andre lokaler i bygda som til dømes ungdomshuset Haugatun, skulen og kyrkja i Strandebarm og på Kinckløa på Kincktunet. Lenge har stiftinga ynskt å etablera eit kulturhus i bygda som kan gje dei større rom å spele på.

Etter at Fosse mottok Nobelprisen i litteratur i 2023 har det sjølvsagt blitt enno meir aktuelt at prisvinnaren og hans unike litteratur fortener merksemd og ivaretaking på ein ny måte. Så korleis skal ein tilrettelegge for dette i Strandebarm?

Det ligg mykje til rette for at det truleg kan byggjast eit Fosse-senter på den gamle skuletomta på Tangerås. Denne store tomte har lenge vore eigd av forretningsmann Trond Mohn. Planane der har vore mange, men bygningane har gjennom år heller stått til forfall og utan etablering av noko. Tomte kan romme både eit større kulturhus/Fossesenter, parkeringsplassar og anna. No har Trond Mohn uttrykt at han vil gje denne tomte til stiftinga/kommunen. Spørsmålet blir då: kvifor er det viktig å byggje eit nytt, dyrt bygg og i tillegg ha barndomstunet «Myra» og bedehuset som no er «Fossehuset»?

Svara på dette spørsmålet heng saman med mitt neste spørsmål; kva skal eit nytt, stort bygg innehalde og kor stort skal ein tenkje? Dette er sjølvsagt svært viktig å ha klart for seg. Skal det romme eit bibliotek med bokutsalg/kafè og eit mindre forsamlingslokale, toalett og foajè? Eller skal det romme

alt dette og i tillegg ein teaterscene/sal med alt teknisk og kostbart utstyr, garderobar med meir? Det er isåfall ein svært fordyrande investering. Eit mindre scenerom er imidlertid noko å trakte etter. Difor er det svært viktig å ha klart for seg kva eit slikt bygg skal romme og brukast til i bygda Strandebarm.

Når dette er sagt, er det etter mi meining lite som kan måle seg med miljøet i Fossvågen med tunet der forfattaren vaks opp og det fine bedehuset, som no er Fossehuset, like ved. Bak Fossehuset ligg også eit hus Fossestiftinga har fått tilbud om å kjøpa.

Rett nedanfor «Myra» ligg naustrekkja ved sjøen- det er her Fosse sitt landskap er. Fjorden, fjella, nausta, menneskja - og himmelen over.

Alt ljuset som heile tida er i endring i eit slikt landskap. Dette som er så sentralt i heile hans forfattarskap. Eit landskap som gjer inntrykk.

Hordaland Folkeblad presenterte i april arkitekt Lars Berge ein skisse der me kunne sjå idéen til ein bygning som ramar inn bygningane på «Myra» og lese arkitekten sine tankar om utkastet han har laga. Han spør seg:

« Kunne ein heller (enn Tangeråsidéen) arbeida for eit enklare bygg heime på tunet på Fosse? Nøkternt og stillferdig nett som diktaren ein ynskjer å heidra. Ein slik bygning kunne byggjast inn i terrenget og rame inn tunet ilag med dei andre husa.» Dette synest eg er svært interessant og det er kanskje noko slikt familien kan ha sett for seg ? Noko som ramar inn tunet og gjer det til noko anna enn det no er. Noko som på moderne og diskret vis ramar inn både historie og notid. I tillegg kan ein framleis bruke Fossehuset som det fantastiske huset det er. Ein kan vandre utover til Haugatun ungdomshus for å oppleve ulike arrangement der, og det var jo i dette huset Jon Fosse øvde med bandet!

Det finst som sagt fleire hus å kunne ta i bruk, og fleire hus kan dukke opp. Det er spennande å tenkje seg at publikum kan oppleve ulikt i ulike hus. Sjølv sagt vert det nødvendig å leggje tilrette for god logistikk og oppgradering av hus og teknisk utstyr, men det vil by på ein eineståande autentisitet for publikum og gjester som vil kome nærmare diktaren og hans landskap.

På Fosse kan også til dømes bokbåten «Epos» leggje til kai - båten som me strandbermingar delvis har vakse opp med. Her kan det arrangerast

litteraturkveldar og konsertar/monologar med lett servering. Slik kan også gjester få tilbud om turar på Hardangerfjorden. Dei som vil ro i sin eigen «Strandbermar» kan kanskje få leige ein slik nede ved nausta.

Lat det difor brukast god tid på kva eit Fossetun/senter verkeleg skal vere og lat arkitektar få rom til å tenkje og framlegge/tilføye forslag der inne på Fosse. Tangeråstomta verkar mørk og utan fjorden, tunet, nausta og ljoset som gjer noko med oss alle.

Som strandberming og med yrke som skodespelar/regissør har eg både spelt i fleire Fosse-stykker og i grunnen arbeidd jevnleg med hans litteratur. Eg har ved fleire høve hatt framsyningar i Fossehuset, i kyrkja og i Kinck-løa. Det er alltid uforlikneleg og inspirerande å vere i Fossehuset- heilt nær til det autentiske Fosse-landskapet og i eit hus der så mange menneskje har vore samla gjennom tidene. Sjølv sagt treng huset oppgradering kva gjeld teknisk utstyr/lys og også kanskje ein betre bruk av romma. Med enkle grep kan huset framstå som enno meir funksjonelt og brukarvennleg.

I det flotte ungdomshuset Haugatun gjesta me i si tid med teaterstykke « Hav» av Fosse. Me kunne sjølv sagt ikkje bruke den vesle titteskapscenen som er i rommet, men regissør og Fossekjennar Kai Johnsen plasserte det heile midt på golvet med publikum sitjande rundt. Enkelt ståande lys og ein projeksjonsskjerm var teknisk utstyr. Dette var ein annleis og spennande måte å møtast både for publikum og oss skodespelarar. Mykje er mogeleg og mykje er kanskje enno ikkje forska nok i kva gjeld bruk av sentrale bygningar i bygda.

Når det gjeld den ombygde og velbrukande Kinck-løa er det kanskje vel verdt å tenkje på kva som er mogeleg bruk for løa på «Myra».

Direktør Edmund Austigard i Det Norske Samlaget hadde i april månad eit innlegg i Hordaland Folkeblad der det kjem fram at familien Fosse ser på arkitekt Lars Berge sitt framlegg som ei mogeleg løysing mellom fleire. Det er mitt håp at det blir teke god tid til å gå gjennom ulike forslag for å skapa det beste Fossetunet/senteret som mogeleg. Ein varig og levande plass for inspirasjon, for nye tankar og opplevingar i Jon Fosse si ånd.

Med vennleg helsing
Hildegun Riise

Strandebarm, Hardanger

pæretre og aldrande båtar i tre som
lek og som må ausast, men
etter nokre dagar lek dei litt mindre
og til slutt lek dei berre litt, endå så gamle båtane er og då er det berre regn
som månausast or båtane

og naust bygde av plankar, umåla, morknande
og med store tunge ujamne heller på taket som
heng på skeive og kan ramle ned kva tid som helst, men
aldri ramlar dei vel ned (eller nesten aldri, sjølv har eg aldri sett ei helle ramle
ned eler ligge nedramla i fjøra), ei kyrkje

midt i bygda, med ein gravplass rundt, i jorda der
ligg mange eg kjende godt
då dei var i live, før dei vart døde

Jon Fosse

Høgskulen på Vestlandet

1. Skriv inn namnet ditt her:*

Björg Kristin Selvik

2. Fyll inn namnet på organisasjonen/institusjonen du eventuelt representerer:

Høgskulen på Vestlandet

3. Kven bør vere hovudmålgruppene for eit Fosse-senter?

Skole-, utdannings- og kultursektoren fremstår som de mest åpenbare målgruppene.

4. Kva funksjonar bør eit framtidig Fosse-senter ha?

Funksjonsområdene vil naturleg relatere seg til de interesser og behov som målgruppene måtte ønske seg som tjenester fra senteret. Men målgruppene kan på sin side også gi tjenester tilbake til senteret i form av ulike «produkter» som målgruppene utvikler. Her kan HVL komme med eksempler med utgangspunkt i egen virksomhet.

5. I tillegg til dei tre som står bak forprosjektet: Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å realisere senteret?

Høgskulen på Vestlandet kan være en samarbeidspart. Andre utdannings og kulturinstitusjoner.

6. Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å sikre langsiktig og god drift av senteret?

Det kan virke rimelig, særleg i en oppstartfase, å basere seg på støtte i frivillige initiativ (som høringsbrevet legger opp til), men skal senterets ambisjon om å være en faglig sterk formidlingsinstans, må det være forankret i fast økonomi og driftes profesjonelt (som også høringsbrevet synes å forutsette).

7. Har du andre innspel eller kommentarar som gjeld rapporten frå forprosjektet, så kan du legge dette inn her:

Det sendes et eget vedlegg i epost.

NOTAT ANG. HØRING OM FOSSE-SENTER

v/ Prof. Emeritus Stig A. Eriksson, dramaseksjonen HVL.

Dette notatet består av 3 deler. Første del kommenterer kort hovedtrekk i høringsbrevet om Fosse-senter i Strandebarm. Andre del inneholder noen betraktninger – idéer – om hvilken relasjon Høgskulen på Vestlandet (HVL) kan ha til et fremtidig Fossesenter. Tredje del er en form for historikk som eksemplifiserer tiltak der Fosses arbeide er anvendt i regi av dramaseksjonen ved HVL. Historikken er det erfaringsbaserte grunnlaget for idétilfanget i andre del.

1. Kommentar til hovedtrekkene i høringsbrevet (forprosjektrapporten).

- Forprosjektrapporten foreslår et Jon Fosse-senter lokalisert til Strandebarm. Det skal være lokalt forankret, men ha et nasjonalt oppdrag. Dette støttes, men et uttalt regionalt perspektiv kan med fordel også markeres.
- Det kan virke rimelig, særlig i en oppstartfase, å basere seg på støtte i frivillige initiativ (som høringsbrevet legger opp til), men skal senterets ambisjon om å være en faglig sterk formidlingsinstans, må det være forankret i fast økonomi og driftes profesjonelt (som også høringsbrevet synes å forutsette).
- Til de to hovedspørsmålene som reises om hovedmålgruppe for senteret og senterets hovedfunksjoner, fremstår skole-, utdannings- og kultursektoren som de mest åpenbare målgruppene. Funksjonsområdene vil naturlig relatere seg til de interesser og behov som målgruppene måtte ønske seg som tjenester fra senteret. Men målgruppene kan på sin side også gi tjenester tilbake til senteret i form av ulike «produkter» som målgruppene utvikler. Noen muligheter skisseres i punkt 2 nedenfor, og eksemplifiserer konkrete prosjekt som er utført fra det (kunst)faglige miljøet på Høgskolen i Bergen/Høgskulen på Vestlandet.
- Dette notatet er laget som et innspill til svar på spørsmålene som gjelder mulige fremtidige samarbeidspartnere for et Fosse-senter. I notatets kontekst er Høgskulen på Vestlandet én slik mulig partner. Og punktene 2 og 3 nedenfor eksemplifiserer noen muligheter for hvordan en institusjon som HVL kan utvikle bidrag til senteret og motta tjenester fra senteret. Men det må understrekes at dette notatet bare kan oppfattes som faglig idéorientert *innspill* og det er kun idébasert.

2. Områder som HVL og et Fosse-senter kan samarbeide om å utvikle:

- Arkiv (primær del). Som en undervisnings-, utdannings- og forskningsinstitusjon – med en sterk kunsthøgskoletradisjon nå knyttet til Institutt for kunsthøgskole – vil det være nyttig for både ansatte og studenter ved HVL om det opprettes et arkiv for Fosses verk. Arkivet må omfatte alle sider/sjangrer ved Fosses verk, og arkivet må digitaliseres. (Hva som menes med «alle sider» kan selvsagt diskuteres, men det vil nok være av interesse at arkivet ikke bare inneholder utgitte publikasjoner av Fosse selv, men også foredrag, videoopptak, medieproduserte programmer hvor Fosse selv medvirker). Alle oversettelser av Fosses verk til andre språk bør også tilhøre denne delen av arkivet.
- Arkiv (sekundær del). Et stort antall artikler, bøker, avhandlinger, videoer, workshops, forestillinger og andre presentasjoner produseres av og om Fosses liv og verk - av studenter, forskere, kunstnere, mediefolk o.a. Selv om dette ikke er produsert av Fosse, men *om* eller *basert på* Fosse, tilhører det likevel et moderne arkivs innhold og tilbud. Også materialet i et sekundærarkiv må digitaliseres.
- Tilgang til arkivet. Arkivet bør være åpent tilgjengelig for alle, og ikke med gebyrer for å få tilgang. Arkivet bør også ha et besøksrom hvor besøkende kan få hjelp til å finne frem til ulike typer materiale.
- Utvikling av formidlingsmateriale knyttet til Fosses liv og verk. Det kan sies å være en del av HVL sitt ansvarsområde å utvikle slikt undervisningsmateriale, for grunnskoler og videregående skoler nasjonalt, regionalt og lokalt, men også som ledd av utdanningen av egne studenter, f.eks. i drama, i litteraturstudier (norskfaget) og Fosse i oversettelse. HVL sin nære geografiske og kulturelle tilknytning til Fosse sitt virkeområde gir muligens HVL et særlig ansvar, men også spesielle muligheter i så måte.
- Forskning knyttet til Fosses liv og verk. Dette har selvsagt nær tilknytning til foregående punkt, men er også et videre og dypere funksjonsområde. Produkter fra dette og ovenstående punkt bør også registreres og være tilgjengelig i arkivet.

3. Eksempel-historikk knyttet til HIB/HVL og arbeidet til Jon Fosse, med særlig fokus på samarbeidet med Shanghai Theatre Academy:

- Dramaseksjonen ved daværende Høgskolen i Bergen (HIB) opprettet faglig kontakt med Jon Fosse allerede i forbindelse med verdenskongressen IDEA 2001 Bergen, juli 2001. Dramaseksjonen var lokal arrangør for verdenskongressen på vegne av IDEA (International Drama/theatre and Education Association). Det var kollega Kari Mjaaland Heggstad, som gjennom sin personlige kontakt med Fosse fikk arrangert et diskusjonsforum som del av kongressprogrammet mellom Fosse og den kjente franske teaterregissøren Jacques Lassale. Fra kongressprogrammet

sakser jeg: «Bakgrunnen for kveldsarrangementet ”Jon Fosse rencontre Jacques Lassalle” - er at Lassalle, som internasjonalt er regnet som en meget fremstående regissør, i vinter satte opp Jon Fosses drama *Ein sommars dag* ved Théâtre Vidy i Lausanne.» (I presentasjonen inngikk også samspillet fransk/norsk i scenen fra stykket med to franske skuespillere som den unge kvinna og den unge mannen og Henny Moan som den eldre kvinna).

- Med stor sannsynlighet ble Fosses navn (og eksempel på verk) først introdusert til fastlands-Kina gjennom et utvekslingsbesøk i 2004 på Shanghai Theatre Academy (STA) fra Høgskolen i Bergen (nå HVL). I rapport til HIB og HVL, 19.04.2004 står det: “About 100 students and teachers from two faculties, Directing and Dramatic Writing, were gathered in the auditorium. “Bergen Day” was opened by Public Relation Officer Flora Lu, President Rong Guang Run, and the Norwegian Consul in Shanghai, Mr. John Dag Hutchinson. In his speech the Consul underlined the positive aspect that the seeds for a future cooperation between STA and BUC have been shown by both institutions themselves, and on their own initiatives. Rector Eli Bergsvik introduced Høgskolen i Bergen/Bergen University College (HiB) and presented the 14 representatives of our group for the audience.”
- Videre i rapporten står det: “Demonstration Lecture by Kari Mjaaland Heggstad about the successful contemporary Norwegian dramatist Jon Fosse – and a presentation of his play *The Girl on the Sofa*. The lecture was accompanied by performative demonstrations with 20 volunteer students from the STA. All text excerpts from the play had been translated into Chinese by a Taiwanese theatre student. We thank Mrs. Lei Wang Hodneland for her valuable assistance with simultaneous translation in this session.”

Som et resultat av denne presentasjonen ble Heggstad invitert til å skrive en artikkel om Fosse i det kinesiske teatertidsskriftet *Theatre Arts Academic Journal*: Artikkelen «A limited Span of Space – A limited Span of Time. Presenting Jon Fosse – a contemporary Norwegian dramatist» ble oversatt til kinesisk og publisert sammen med oversettelsen av *Nokon kjem til å komme* (Issue 5, 2005). Oversetter av stykket var Lulu Zhou, ansatt ved STA – og som senere har oversatt de fleste teaterstykkene til Fosse. Dette var dermed første gang Fosse ble presentert nasjonalt i Kina.

- På ny utveksling i november 2006, forelå det en oversettelse til kinesisk av Fosses stykke *Ein sommars dag*, utført av engelsklærer ved STA: Wei Li. (Uklart om denne førte til publisering.) Sakset fra rapport om besøket for HVL 13.11.2006: «9.00- 12.30: ”Fra tekst til teater”-workshop basert på *Ein sommars dag* av Jon Fosse – for 3. års skuespillerstudenter ved STA. Tilstede var også deres hovedlærer professor Gu Yi’an, samt vår første kontakt i Shanghai, Yingning Li (dramatiker og tilknyttet Shanghai Dramatic Art Centre). I deler av workshopen arbeidet studentene med tekstutdrag fra stykket hentet fra den nye

kinesiske oversettelsen av stykket (Wei Li). Instruksjonene foregikk på engelsk med kinesiske supplementer, mens korte ”forelesningsdeler” ble formidlet på kinesisk. Workshopen ble videotapet og fotografert.»

- En klar interesse for Fosse er nå vakt ved STA. I rapporten fra 14.11.06 står det: «Deretter hadde vi et møte med redaktør for Theatre Arts Academic Journal, Cao Lucheng, i hans kontor på STA. Vi kjenner Cao Lucheng fra forrige utveksling i Kina (vår 2004) – og hadde en rekke uformelle samtaler med ham i løpet av symposiet. Under dette møtet var også teaterlærer Gu Yi'an til stede. Vi drøftet muligheter for en bokpublikasjon med 3-5 oversettelser av Jon Fosses dramatikk, samt en kort roman – og med en introduserende artikkel. Cao Lucheng og Gu Yi'an kontakter forlag, mens vi undersøker muligheter for støtte til oversettelser gjennom NORLA (Senter for norsk skjønn- og faglitteratur i utlandet). Cao Lucheng ba oss også om å finne frem til en norsk gjesteforestilling (Fosse-stykke) til neste høsts festival for eksperimentelt teater ved STA. Han vil invitere Jon Fosse – og hadde et ønske om at også vi deltar på festivalen. Gu Yi'an vil sette opp ett av de oversatte stykkene med sine studenter.»
- I 2009 er vi tilbake ved STA og holder forelesninger og workshops for ulike studentgrupper, blant annet en workshop basert på «Nokon kjem til å komme».
- Det blir ingen Fosse-forestilling på STA før i 2010. Til gjengjeld blir det et stort arrangement dette året: Kinesisk premiere på *Nokon kjem til å komme*, med Fosse selv til stede. Tilstede på premieren var også sjefen for Festspillene i Bergen, Per Boye Hansen og den kjente Fosse-regissøren, Kai Johnsen. Heggstad er sentral i dette arrangementet som seminarleder og med forelesning og workshop. Høgskolen er medarrangør og det blir en høytidelig åpning ved presidenten på STA og ambassadens representant. Stig A. Eriksson overbringer offisiell hilsen fra HIB (HVL). Forestillingen *Nokon kjem til å komme* inviteres året etter som gjestespill for Festspillene i Bergen 2011, men blir avlyst som kinesisk motreaksjon på tildelingen av fredsprisen til den kinesiske dissidenten, Liu Xiaobo (2010).
- Etter fredspristildelingen i 2010 blir det en pause i utvekslingen mellom STA og HIB (HVL). Det tar seg ikke opp igjen før oppstarten av forskningsprosjektet UTFORSK, som ledes av prof. Tor-Helge Allern (HVL), 2018-2023. Innen dette prosjektet blir Fosse på ny satt på agendaen. Denne gangen kom HVL med en workshop på *Nokon kjem til å komme*, ledet av Anne Meek og Tor-Helge Allern, 30.10.2023. Under dette oppholdet foregikk også «The Silk Road Festival» i regi av STA og ITI (UNESCO), hvor STA-ansatte Lulu Zhou, foreleste om kinesiske Fosse-oversettelser. (Zhou ble vi allerede kjent med i 2006, og det er hun som etter hvert har blitt den mest brukte oversetteren av Fosses dramatikk til kinesisk). I forlengelsen av avslutningsseminaret for UTFORSK i 2023, ble Allern også invitert av STA til å holde en keynote introduksjon om Jon Fosse: *Reflections on*

dramaturgy in Jon Fosse's drama. Denne bearbejdes for tiden av Allern til å bli en artikkel, etter invitasjon av teatertidsskriftet: *Theatre Arts Academic Journal*.

- Under verdenskongressen IDEA 2007 Hong Kong presenterte Heggstad en workshop (med tekstutdrag på kinesisk, engelsk, fransk og norsk) basert på *Ein sommars dag*.
- *Nokon kjem til å komme* er også en av workshopene på utveksling med Ungarn i 2017, og bidrar dermed til synliggjøring av Fosse også for vårt nærmeste fagmiljø i Budapest.
- Under verdenskongressen IDEA 2024 Beijing presenterte Eriksson en workshop på Fosses illustrerte barnebok, *Spelejenten*. Eriksson oversetter selv fra nynorsk til engelsk og deretter også til kinesisk, i samarbeid med den kinesiske Ph.D.-kandidaten fra STA: Sisi Zheng. Noe støtte til Beijing-reisen kom fra NORLA og noe fra HVL. Workshopen ble også presentert i Jinan på et seminar arrangert på universitetet der av en annen tidligere utvekslingsstudent: Yiou Wang.
- Eriksson har nylig utarbeidet en analyse av workshopen og Fosses tekst som kommer i løpet av høsten 2025 som forskningsartikkel i det britiske dramatidsskriftet *Drama Research*.

HVL, 13.05.2025

Inge Tvedten

1. Skriv inn namnet ditt her:*

Inge Tvedten

2. Fyll inn namnet på organisasjonen/institusjonen du eventuelt representerer:

Engasjert enkeltperson

3. Kven bør vere hovudmålgruppene for eit Fosse-senter?

Målet med et Fossesenter bør være å få så mange som mulig til å bli interessert i Jon Fosses litteratur og dramatikk. Det bør dermed være et senter som trekker både den allerede overbeviste fan-skaren og folk som i utgangspunktet primært er interessert i Vestlandskysten, kultur og litteratur og trenger litt drahjelp for å bli bedre kjent med Fosses litterære verden.

Dette innebærer at senteret bør promoteres som en en helhetlig opplevelse under mottoet Besøk Jon Fosses vakre Hardanger og Strandebarm og bli (enda) bedre kjent med forfatteren og hans forfatterskap".

4. Kva funksjonar bør eit framtidig Fosse-senter ha?

Fossesenteret bør med referanse til det ovenforstående både fungere som et utgangspunkt for å tre inn i Fosses verden (Strandebarm) og bli bedre kjent med hans forfatterskap. For det første er et senter på en tilbaketrukket skoleplass uten nærkontakt med fjorden og kystkulturen et dårlig utgangspunkt - og både Bruosen og Fossevågen ville vært langt bedre alternativer. Ideelt sett bør et senter innholde følgende elementer. Lokalteter for som gjør det mulig å tre direkte inn i Fosses verden (der Bruosen og Fossevågen ville vært bedre alternativer); presentasjon av Jon Fosses forfatterskap gjennom informasjon, utstillinger, salg av bøker, opplesninger, kafedrift etc.; lokaler for mindre teateroppsetninger og for å huse 'writes in residence'; og aktiviteter knyttet til fjord og naust ('Fosse-cruise', trebåter, lokale produkter etc.).

Det er to utfordringer. Den ene er at erfaring fra andre relevante sentre (som Hamsunsenteret) viser at mellom 75-80 prosent av de besøkende kommer i de tre sommermånedene midten av mai til midten av august. Dette vil kreve fleksibilitet både i forhold til lokaler og aktiviteter - med et nedskalert senter i høst vinter og vår. Den andre utfordringen er at flere av opplevelsene og aktivitetene krever direkte tilgang til fjorden. Ingen av disse vilkårene vil være oppfylt med et senter på Tangerås.

5. Itillegg til dei tre som står bak forprosjektet: Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å realisere senteret?

Prosessen rundt realiseringen av prosjektet må ledes av profesjonelle aktører både når det gjelder byggeprosess og innhold. Lokalt engasjement er viktig og bra, men Fossestiftelsen har vist at den ikke har den nødvendige kapasitet (og vilje?) til å føre fram en slik omfattende prosess.

6. Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å sikre langsiktig og god drift av senteret?

Langsiktig og god drift vil være avhengig av større åpenhet og bedre kommunikasjon med Strandebarms befolkning. Senteret vil ellers være avhengig av støtte fra Kulturdepartementet, Vestland Fylke og Kvam Herad, en profesjonell kulturfaglig ledelse og skaping av lokale arbeidsplasser.

7. Har du andre innspel eller kommentarar som gjeld rapporten frå forprosjektet, så kan du legge dette inn her:

Rapporten peker på fire hovedalternativer til lokalisering: Den gamle skolen på Tangerås; nybygg i Fossevågen; gjenbruk av eksisterende bygninger (som Bruosen); og utvida bruk av landskapet og fjorden (inklusive Myra). Fossestiftelsen har ikke gitt andre alternativer enn det første en seriøs behandling, og (det tilsynelatende endelige) vedtaket om Tangerås er dermed fattet på sviktende grunnlag. Det vises til artikler i Hordaland Folkeblad om henholdsvis Bruosen og nybygg ved Fosses hjem som alternativer.

Kjell Johannessen

1. Skriv inn namnet ditt her:*

Kjell Johannessen

2. Fyll inn namnet på organisasjonen/institusjonen du eventuelt representerer:

3. Kven bør vere hovudmålgruppene for eit Fosse-senter?

4. Kva funksjonar bør eit framtidig Fosse-senter ha⁷

5. I tillegg til dei tre som står bak forprosjektet: Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å realisere senteret?

6. Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å sikre langsiktig og god drift av senteret⁷

7. Har du andre innspel eller kommentarar som gjeld rapporten frå forprosjektet, så kan du legge dette inn her:

Plassering av Fossesenteret har to alternativer som jeg forstår. Alternativt 1 er ved skoletompen Tangarås. Alternativ 2 er ved Jon Fosses barndomshjem.

Jeg vil argumentere for hans barndomshjem som består av to bolighus Hans barndomshjem er bygget en gang tidlig på 1950 tallet . Det andre er et vakkert empire-inspirert bygg fra ca. 1860 tallet. Det nye senteret vil, sammen med et nybygg i moderne stil, danne et interessant tun. Plassen er himmelriket på jord med sin bebyggelse nede med sjøen og det fantastiske lyset som er der ved den åpne fjorden. Jons far drev handelsvirksomhet ved sjøen, på et av de mest pittoreske områdene i hele Hardangerfjorden. Senteret trenger ikke være så stort, antall besøke pr år vil begrense seg. Jons stier langs fjæren og den åpne fjorden vil berike de besøkende til Fossesenteret. Vi må heller ikke glemme at her ligger Bedehuset som er i gangavstand fra barndomshjemmet til Jon.Når det gjelder større arrangementer til senteret så bygger kvam kommune nå en stor ny videregående skole i Norheimsund med et stort atrium og kinosal som kan brukes til større sammenkomster om Jon Fosse.

Hilsen Kjell Johannessen
Ævregaten 49, 5003 Bergen
Kjell.no

Kjersti Kildahl

1. Skriv inn namnet ditt her:*

Kjersti Kildahl

2. Fyll inn namnet på organisasjonen/institusjonen du eventuelt representerer:

3. Kven bør vere hovudmålgruppene for eit Fosse-senter?

Hovudmålgruppa bør vera folk med litterær interesse som vil komma tettare på Jon Fosse. Senteret bør vera for lokale innbyggjarar, tilreisande besøkjande, skuleklassar og studentar.

Senteret er tent med å halda seg til ei brei målgruppe, heller ennå femna over fleire 'hovudmålgrupper'. Det ligg ei sjølvmotseiing i å ha mange hovudmålgrupper.

Når ressursar skal brukast fornuftig, krevst prioritering. Over tid, når ein har samla erfaring, kan ein ev. utvida perspektivet og justera målgruppene ved behov.

Rundt i verda finst både forfattar- og forskingsmiljø med interesse for Jon Fosse sitt arbeid. Sjølv sagt skal også desse vera velkomne. Dei kan vera knytt til ulike typar opphald, utan at senteret treng å etablere eigne forskingsmiljø. Slike miljø er ressurskrevjande å byggja opp, og det tek tid.

Gjestande fagfolk skal og bli møtte på ein god måte, men bør stort sett vere i stand til å ta vare på sin eigen agenda. Kanskje trengst eit arbeidsrom/møterom? Kanskje trengst ein robåt for tur på fjorden. Eller anna. Overnatting og losji kan ein tilby ved sportellet i Strandebarm eller i nabobygdene Norheimsund og Øystese.

4. Kva funksjonar bør eit framtidig Fosse-senter ha?

Senteret sin hovudfunksjon bør vera å leggja til rette for at folk skal forstå meir av Fosse sitt univers. Folk kjem for å oppleve, lytta og sjå. Da må ein truleg ha eitt eller fleire lokale som kan fungera kvar for seg eller saman: For småskala framføringar av tekst, teater, poesi, musikk.

Utstillingsareal, lese krok og små fleirbruksrom er og naturlege å ha med.

Fliken av Fosse. Folk kjem for å oppleve det unike ved bygda, det dei ikkje finn andre stader i verda. Det bør og vera førande for utforming av innhald og funksjonar.

Ein bør vera varsam med å rusta opp eller byggja nytt på ein slik måte at det unike blir generisk. Det bør vera eit mål å ta vare på Fosse si and.

Ei slik målsetting heng og godt saman med Fosse-stiftinga sitt føremål om at:

- Senteret sin hovudfunksjon skal vera å fremja interessa for Jon Fosse sitt forfattarskap.

Å gi tilgang til barndomsheimen, landskapet rundt og oppleving av bygda, vil vere i tråd med dette. Utsikta frå Fosse-grenda, inkludert frå dagens Fossehus, må seiast å vera er i verdsarv-klassen. Her er Hardangerfjorden på det breiaste. Fjella, bakkane, husa, småbruka og åsen rundt heimen, må opplevast.

Det er dette folk kjem for. Og for å høyre tekstar, poesi eller skodespel framførte i små og store lokale - i forfattarens and.

Allereie no har stiftinga hand om mange bygg som i seg sjølve eller saman med andre bygg kan utgjera eit senter. Bygga har svært ulike karakterar: Fossehuset som før var bedehus og barndomsheimen Myra med sine to bustadhus, ei løe, naust og støl.

Tanken på å nytta desse husa samla under ein paraply i form av eit Fosse-senter, må få det til å kribla i kreative sjeler som kan sin Jon Fosse. Den gamle naustrekkja har og ein viktig funksjon i så måte.

Resepsjon/vertskap, samlingsrom, kafé, butikk og toalett er opplagte funksjonar. Det same gjeld tilgang til scene med nødvendig utstyr og mindre rom eller hus med fleksibel bruk. Alle funksjonar treng ikkje vera samla i eitt bygg. Ulike fasilitetar i ulike hus speglar det enkle og dempa i Fosse sin litteratur.

For å styrka det som skal vera opplevinga av forfattarskapen, bør senteret og kunna rettleia for t.d. å leiga seg robåt (Strandebarm Marina) eller bestilla ein lokal turguide (t.d. ungdomar, pensjonistar, frivillige) som kan visa veg der sauene blei slepte til fjells da Jon Fosse var gut, eller til stølen Holsete der småbruket Myra har sel og bruksrett.

Slike tilbod kjem sjølvstakt i tillegg til at publikum lokalt og regionalt framleis vil slutte opp om arrangementa slik dei alt har gjort dei åra Fossehuset har vore i bruk, og før det gjennom ulike Fosse-arrangement i andre hus lokalt.

Utviklinga av eit senter bør elles byggja på eit samspel med eksisterande bygg og tilbod ein kan 'spele på lag med' i Strandebarms-bygda og kommunen elles. Å nytta ressursar (areal) som alt er i bruk, heller enn å byggja nytt, er ein god ting i vår tid.

Dagens Fossehus er mykje brukt og utgjør eit positivt tilskot til bygda og heile kommunen. Truleg kunne bygget bli meir funksjonelt til sine ulike føremål gjennom noko endring av rombruk og interiør, pluss oppgradering.

I Strandebarm finst alt eit ungdomshus, ei stor, vakker kyrkje og ein stor sal ved den nye skulen. I tillegg finst fleire salar i Kvam, t.d. kulturhuset Kabuso i Øystese og Kulturnaustet ved Hardanger fartøyvernssenter i Norheimsund.

Slike 'rom' som alt finst er naturleg å ta inn i planlegginga av eit Fosse-senter. Senteret må ikkje vera i eitt bygg. Med utgangspunkt i Fosse sitt univers, kan ein ikkje like gjerne tenkja seg at senteret er summen av ulike bygg og funksjonar?

5. I tillegg til dei tre som står bak forprosjektet: Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å realisere senteret?

Det er opplagt at staten bør ha ei avgjerande rolle. Utan stor støtte frå staten, vil det vera vanskeleg å sjå for seg etablering og drift av eit Fosse-senter. Investeringar er ein ting, langsiktige driftsmidlar er minst like viktige.

Senteret vil vera av nasjonal og internasjonal betydning uansett kva format det viser seg å bli. Da er staten ein forventa og nødvendig samarbeidspart.

6. Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å sikre langsiktig og god drift av senteret?

Økonomiske rammer og godt innhald må til for å sikra langsiktig drift. Til dette trengst økonomisk fundament og breidd i fagkompetanse, både i Fosse-stiftinga og hos tilknytte samarbeidspartar. Kven desse skal vera, vil avhenge av føremålet til senteret og val av målgruppe(-r).

Hardanger og Voss museum eller Nynorsk kultursentrum kan vera naturlege alliansepartnarar for eit Fosse-senter. Ein kan t.d. og tenkja seg Litteraturhuset i Bergen som sparringpart.

Behov for endring kan oppstå ettersom senteret viklar seg ut. Da må samarbeidspartar tilpassast.

At private mesenar kan vere ein del av samarbeidet, er og tenkjeleg å diskutera.

Uansett kven ein inviterer inn som faglege samarbeidspartar, må dei økonomisk ansvarlege partane ligge fast, slik som forprosjektet føreslår: Staten, Vestland fylkeskommune og Kvam herad for å sikra stabile økonomiske rammer.

7. Har du andre innspel eller kommentarar som gjeld rapporten frå forprosjektet, så kan du legge dette inn her:

Som Fosse-entusiast ønskjer eg ein god prosess vidare, ein prosess vi kan ha tillit til, der vurderingar blir gjort på fagleg grunnlag, og kunnskapsbaserte vedtak blir fatta.

Nokre punkt frå forprosjekt-rapporten som eg meiner er viktige å leggja til grunn for prosessen vidare:

«Forprosjektet legg opp til at ein ikkje skal forhasta seg på vegen vidare. Resultatet vert oftast best når ein planlegg grundig og godt over lengre tid. . [-] Når det gjeld å reisa større kulturtiltak er ein vanleg gang i prosessen å først ha eit forprosjekt, så eit hovudprosjekt, og så kjem driftsfasen. [-] Ei profesjonalisering av den drifta som i dag vert utført frivillig, er heilt avgjerande for utviklinga vidare. Om eit Jon Fosse-senter skal prioriterast, ikkje minst frå staten si side, må tiltaket ha ein profesjonell og berekraftig organisasjon.»

«Fosse-stiftinga er innstilt på at det raskt må skje ei organisasjonsutvikling, med nytt styre og bygging av ein organisasjon med fast tilsette. [-] I ein slik organisasjon er den viktigaste oppgåva å gjennomføra føremålet. Dei som sit i styret skal der berre representera stiftinga og ha stiftinga sitt beste for auga. [-] Det er korkje nødvendig eller openbert gunstig at det er stiftarane eller dei største økonomiske bidragsytarane som har dei fleste styreplassane. Ved å ha flest mogleg «frie» styreplassar, er det lettare å sørge for at styret har sterkast mogleg relevant kompetanse».

Sluttkommentar:

Allereie før forprosjektet var etablert, eit par veker etter at Jon Fosse vart tildelt Nobelprisen, tok særinteresser til orde for ei bestemt plassering av eit framtidig Fosse-senter. Dette har påverka diskusjonen, forprosjektet sitt oppdrag og arbeid, slik eg ser det, og verka forstyrrande for prosessen. Ein kan ikkje konkludera med eit svar før nødvendig forarbeid og vurderingar er gjort.

Sjå mitt vedlegg knytt til denne kommentaren, pdf sendt separat.

Nyleg kome det fram eit nyskapt forslag til løysing av eit mogleg senter. Dette viser at fagpersonar / krefter finst som tenkjer annleis og i takt med berekraftig ressursbruk. Det borgar for at svar finst som til no ikkje er komne fram.

ORDSKIFTE

«Fossar fram» over stokk og stein

Kjersti Kildahl

Er det ein lege i salen? blir det ropt når situasjonen tilseier det. Akkurat no vil eg rope: Finst det ein god økonom her? Eg viser til sak om nytt Fosse-senter i HF 6.12.

Kjære Fosse-Stiftinga og ansvarlege politikarar, gi oss eit vurderingsgrunnlag å bli kloke på! Kor er det blitt av høyring, innspel og open prosess? Her må nokon ha snakka tett saman på gangen. God vilje er vel og bra, men konkret informasjon trengst.

Medan heradsbudsjettet er under press, Hardangerbadet blør og ingen veit endelege utfall, tilrår altså fylkesutvalet einstemmig å nytta skuletomta på Tangerås til nytt Fosse-senter. Kostnad: Ukjent. Senteret skal delfinansierast av kommunale midlar. Besøktal og investeringar er avgjerande for ei realistisk vurdering. Likevel finst ikkje slike overslag. Utvalet sitt vedtak synest å vera reint kjenslestyrt.

På Tangerås-tomta ligg to eldre skulebygg med rundt 3.000 kvadratmeter areal (HF, 21.11.) som har varierende, til dels skrikande, vedlikehaldsbehov. Kanskje må delar av bygga rivast før eit nybygg ser dagen.

Trond Mohn vil gi vekk sin del av eigedomen «gratis». Gratis læt vel, men hallo, folkens! – gratis i denne samanheng gjeld berre tidspunkt null i prosjektkalkylen. Alle veit at «gratis lunsj» har ei bakside. Kostnader knytte til regulering, planar, arkitektar, bygging, drift, utvikling og anna – la oss få sjå dei! Einaste talet som har vore framme i saka (i alle fall i HF), er «kalkulert renovering av bygga på skuletomta [til] 158 millionar kroner utan moms.» Smak litt på det talet. Viss talet er feil, vis oss kva som er rett, og kvifor.

Før midlar frå fellesskapet blir brukte på eit slikt prosjekt, forventar eg å sjå



«Utvalet sitt vedtak synest å vera reint kjenslestyrt», skriv Kjersti Kildahl.

Foto: Sigbjørn Linga

eit grunnlag som viser kostnader og inntekter.

Eitt Fosse-hus eksisterer allereie, takka vere stor innsats frå eldsjeler lokalt. Naboeigedomen til Fosse-huset er visstnok tilbydd Fosse-Stiftinga vederlagsfritt. Den har ein brøkdel av skuletomta sitt areal å hanskast med. Kva for vurdering er gjort av utviklingspotensialet? Ein tredje eigedom som kan bli lagd til Fosse-Stiftinga, er tunet der Jon Fosse vaks opp. Dette bruket vil sjølvsgatt vera juvelen i krona uansett kva anna som skjer. Alle dei tre eigedomane ligg i gangavstand til kvarandre. Er det ikkje fornuftig å vurdere framtidig utvikling og finansiering av desse tre i samanheng med drøfting av eit nytt Fosse-senter?

Slik bakgrunn er ikkje vist til som del av handsaminga i fylkesutvalet. Likevel går utvalet inn for å legge ei omfattande tomt med ditto bygningsareal inn i eigedomsporteføljen til Fosse-Stiftinga. Visst er Jon Fosse ein stor skald, men impe-riebygging er liksom ikkje i hans and.

Meir handfaste data trengst for å grunngi den fylkeskommunale godviljen. HF skal ha ros for å ha prøvd. Dessverre

utan å lukkast. Ordføraren vår er visst den einaste med beina på jorda. Han gir von om betring ved at «saka må koma tilbake til fylkespolitikarane når vilkåra for å overta eigedomen er klare» og at det «hadde vore ein føremon med ei høyring av forprosjektet og betre prosessar». At fylkesutvalet ikkje etterspurde noko som helst i den leia, er ikkje til å forstå. Det rokkar ved tilliten til systemet og enkelte av våre demokratisk valde politikarar.

Forutsigbarhet og langsiktighet

Uttalelse fra Landsrådet for Heimevernet

Landsrådet imøteser Stortingets vedtak knyttet til statsbudsjettet for 2025 og et vedtak om økt bevilgning til Heimevernet på minst 277 millioner kroner, i tråd med regjeringens forslag.

Mannskap og utstyr: Heimevernet er en sentral pilar i norsk samfunnssikkerhet og beredskap, og en styrking av Heimevernet med nye uniformer, økt trening og 500 flere soldater er et første nødvendig løft.

Landsrådet mener de politiske prioriteringene nå treffer godt. Vi vil samtidig peke på at det er klare rom for flere investeringer; særlig i transport på land og hav, samt i lett luftvern.

Luftvern: Landsrådet påpeker at stabile budsjetter skaper forutsigbarhet for en robust organisasjon på lang sikt. Derfor ser Landsrådet det som viktig at Heimevernet bør være en del av anskaffelsesprosessen av bærbart luftvern. Krigen i Ukraina har pågått i 1 000 dager, og erfaringen derfra viser at luftvern er en viktig og nødvendig ressurs i et moderne forsva.

Kjøretøy: Heimevernet har et stort behov for flere felt- og terrengkjøretøy. Mye penger går nå med til å vedlikeholde eldre kjøretøy og til å leie sivile

kjøretøy. Det bør derfor settes fart på anskaffelser, slik at soldatene får trent med egnede kjøretøy.

Fartøy: Landsrådet tilrår anskaffelse av 8 fartøy for å styrke HVs evne til å operere i kystsonen. Dette er også i tråd med et prosjekt som ble igangsatt i 2017. Ingen båter er anskaffet ennå.

Totalforsvaret: Heimevernet er en svært viktig del av totalforsvarets grunnmur i fred, krise og krig. En av Heimevernets overordnede oppgaver er støtte til det sivile samfunn, herunder bistand til politiet.

Et endret trusselbilde med utfordringer som er grenseoverskridende mellom sivil og militær sektor, gjør totalforsvaret og sivilt-militært samarbeid svært aktuelt. Selv om flere deler av Forsvaret gir bistand til det sivile samfunn, så er Heimevernet på mange måter bindeleddet mellom sivilt og militært samarbeid.

Heimevernet har fått et ansvar for å ivareta organiseringen av frivillig innsats inn mot Forsvarets behov i krise og krig. Da må også Sjef Heimevernet få plass i Sentralt Totalforsvarsforum. Sjef HV har ansvar for territorielle operasjoner og sivilt-militært samarbeid, og samarbeider tett med aktørene i totalforsvaret.

Det beste forsvaret av Norge er at samfunnet fungerer sammen. Landsrådet for Heimevernet støtte derfor opp om regjeringens fokus på 2026 som

totalforsvarsåret.

Forutsigbarhet for soldat og arbeidsgiver: Forsvarsvilje skaper forsvarsevne, og forsvarsevne skaper forsvaersvilje. Erfaringer fra Ukraina tilsier at i en situasjon hvor nasjonens sikkerhet er truet, er støtten fra sivilsamfunnet stor. Støtten vil komme fra offentlige og private aktører, men også fra enkeltpersoner og organisasjoner, som organisasjonene i Landsrådet.

I dette bildet er det også nødvendig å gi nødvendig forutsigbarhet for nettverket rundt HV-soldaten i forbindelse med årlige HV-tjeneste. Det er avgjørende at budsjetter og planer holdes slik at både soldaten, familien og arbeidsgiveren kan planlegge fraværet i så god tid som mulig i forkant.

Rekruttering og bevissthet: Historisk var flere tusen ungdommer engasjert i HV-ungdommen.

I dag har fire HV-distrikter et slikt tiltak. Landsrådet anbefaler en videreføring og økning av dagens arbeid og ser dette som en god arena for rekruttering til HV og bygging av økt bevissthet rundt samfunnssikkerhet og beredskap.

System for avlønning: Til det pågående arbeidet med forskrift om godtgjøring til reservister i Forsvaret forutsetter Landsrådet for Heimevernet at det etableres en dialog med alle relevante parter før det nye systemet innføres.

Forsvaret må sørge for at det er gjort en god avstemming med partene i arbeidslivet, studentenes organisasjoner, samt de frivillige beredskapsressursene.

INFO OM LANDSRÅDET FOR HEIMEVERNET

- Landsrådet for Heimevernet representerer 11 landsdekkende organisasjoner, og har én representant fra hvert av distriktrådene i Heimevernet. Rådet oppnevnes av Forsvarsdepartementet.
- Landsrådet skal arbeide for å fremme samarbeid mellom Heimevernet og sivilbefolkningen og består av følgende sivile organisasjoner:
Landsorganisasjonen i Norge (LO)
Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO)
Kommunenes sentralforbund (KS)
Det frivillige Skyttervesen (DFS)
Landsrådet for Norske barne- og ungdomsorganisasjoner
Norges Bondelag
Norges Fiskarlag
Norges idrettsforbund
Norsk studentorganisasjon
Norsk Totalforsvarsforum
Norske Kvinners Sanitetsforening

Lars J Berge

Fra: Lars J Berge[lars@ljb.no]
Sendt: 27.05.2025 20:52:52
Til: Vestland fylkeskommune[post@vlfk.no]
Tittel: Høyring Fosse-senter / saksnummer 2025/32134

Det er ikkje ofte du tek imot e-post frå lars@ljb.no. [Finn ut kvifor dette er viktig](#)

Hei

I samband med ordskiftet kring innhald og lokalisering av eit Jon Fosse-senter, har underteikna skrive eit innlegg i Hordaland Folkeblad. Ettersom det kom ein heil del positiv respons på det, sender eg teksten og illustrasjonane som innspel i høyringa.

Ut over det som framkjem i den vedlagde teksten, tykkjer eg at naustrekkja i Fossvågen bør få særleg merksend. Respektfull istandsetjing av nausta vil syna vørðnad for både forfattarskapen og kulturarven.

Lars J Berge



L J B AS
Vestre Torggaten 22
5015 BERGEN
0047 975 98 910
www.ljb.no





FOSSETUNET

Eit Jon Fosse-senter på Tangarås, ei identitetskapande storstove med internasjonalt nedslagsfelt som for alvor set Strandebarm på kartet!

Det er lett å sjå for seg at eit slikt tiltak er ynskjeleg, kan hende nødvendig, framsynt og eit heilt rett grep. Særleg om ein ser på dette som eit høve for å utvikla bygda, å byggja ein stad som fungerer som eit forsamlings- og kulturhus, for bygda. Men det virkar noko langt fram å finansiera, reisa, og så fylla eit slikt senter med innhald, året gjennom. Inntrykket av gamleskulen slik den framstår i dag styrker kjensla.

Om ein lesehest, ei kulturtante eller ein vanleg turist skulle vitja heimbygda til Jon Fosse, ville ein vel sjå etter tunet der han vaks opp, nausta han skreiv om og landskapet levde i?

Kunne ein heller arbeida for eit enklare bygg heime på tunet på Fosse? Nøkternt og stillferdig, nett som diktaren ein ynskjer å heidra.

Ein slik bygning kunne byggjast inn i terrenget og rama inn tunet i lag med dei andre husa. Den kunne stetta servisebehova i tillegg til boksamling, sal av bøker og småting, kaffi og vafler, romsleg nok til opplesingar og små forsamlingar. Om ein skulle setja i sving med større arrangement eller oppsetjingar, kunne ein dekkja over tunet slik ein gjer i borggarden på Baroniet om sommaren. Og det bør bu folk i husa, folk som er her for å studera eller skriva, eller kan hende er tilsette “diktarbønder”. Flinke folk i Fossetunet kan gjera dette til eit “leirbål” for Jon, på Fosse.

Eit besøk til “arnestaden” for forfattarskapen kan by på dei autentiske husa i tunet, utsyn over fjorden og vandring mellom nausta i Fossfjørå.

Å vitja Åsentunet i Hovdebygda er noko heilt anna enn om ein skulle måtte gå ein time til Ørsta Rådhus.

Til
Vestland fylkeskommune

Dato:
Oslo, 27. mai 2025

Innspel frå Noregs Mållag til forprosjektrapporten om Jon Fosse-senter i Strandebarm

Vi vil takke for moglegheita til å kunne kome med innspel til forprosjektrapporten. Forvaltinga av forfattaren og forfattarskapen til Jon Fosse er eit nasjonalt ansvar. Dette er eit så stort arbeid at ein open og demokratisk prosess er viktig for at resultatet skal stå seg langt inn i framtida. Noregs Mållag sine innspel i denne runda går meir på dei større linjene i prosjektet slik det er no, enn inn i detaljar som lokasjon og tiltak.

Noregs Mållag er glade for at det blir tatt initiativ til å starte opp eit Jon Fosse-senter. Jon Fosse har lenge vore den største nynorskforfattaren vi har. Han har vore ein viktig forfattar i Noreg og i verda. Etter han i 2023 fekk Nobels litteraturpris er Jon Fosse blitt ein del av historia. Forfattarskapen hans er forteljingar som skal vere med oss i generasjonar. Ein forfattarskap som er skriven på nynorsk og slik gjev språket evig liv. Dette er mellom anna noko av grunnlaget for kvifor vi gler oss over at det skal kome på plass eit Jon Fosse-senter og kvifor vi også har meiningar til kva eit slikt senter bør vere.

Vi reagerer på at nynorsk har fått lite plass i forprosjektrapporten. Jon Fosse er viktig for det nynorske språket og språket er viktig for Fosse. Som han uttalte etter at han fekk tildelt Nobelprisen: «[...] Og ikkje minst vel eg å sjå pristildelinga som ein pris til nynorsken og til den nynorske målreisinga. Anten eg vil eller ei, må eg i sannings namn takka nynorsken for prisen». Språket må få ein plass i eit Jon Fosse-senter. Det å vere ein forfattar som skriv nynorsk skil seg frå det å vere ein forfattar som skriv bokmål. Å skrive på bokmål treng ikkje ta mykje plass, medan å skrive på nynorsk tek plass og det må ta plass. Fosse er ein viktig del av den nynorske skriftkulturen. Her er han del av ein større samanheng.

Nynorsk kultursentrum har spesialisert seg på å forvalte nynorsk skriftkultur. Noregs Mållag meiner eit Fosse-senter må ta i bruk kunnskapen og erfaringane Nynorsk kultursentrum sit med. Vi trur at eit senter vil bli best om Nynorsk kultursentrum får ei sentral rolle. Nynorsken må få ta plass her, på likt vis som han gjer i Fosse sin forfattarskap. Det krev medvit å forvalte dette på ein god måte. Aasentunet, Vinjesenteret og Haugesenteret er gode eksempel på korleis ein kan vise fram eit livsverk men også setje det i samanheng med den nynorske skriftkulturen. Her vil vi også peike på at Nynorsk kultursentrum og Hardanger og Voss museum har sagt at dei er innstilt på å jobbe saman i arbeidet med Jon Fosse-senteret.

Noregs Mållag ser fram til å kunne samarbeide med Jon Fosse-senteret og å ein dag få kome til høgtideleg opninga av eit Fosse-senter. Men vi har ikkje hast, og håper ein tek seg tid i arbeidet.

Norsk forfattersentrum Vestlandet

1. Skriv inn namnet ditt her:*

Sissel Kristensen

2. Fyll inn namnet på organisasjonen/institusjonen du eventuelt representerer:

Norsk Forfattersentrum Vestlandet

3. Kven bør vere hovudmålgruppene for eit Fosse-senter?

Det lokale publikummet i Kvam herad vil alltid vera det viktigaste publikumsgrunnlaget og må ikkje mistast av syne i prosessen med å etablere senteret. Forskarar, forfattarar og fagfolk på nasjonalt og internasjonalt nivå, må komme i en naturlig rekkefølge.

4. Kva funksjonar bør eit framtidig Fosse-senter ha?

Et senter kan romme mye, men først og fremst bør det være plass til skriveplass, åpne publikumsarrangement, forskermuligheter og formidling av scenekunsten.

5. I tillegg til dei tre som står bak forprosjektet: Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å realisere senteret?

Jeg tror det må være en lokalforankring om prosjektet skal lykkes. Det krever lokalkunnskap, det krever også at det er folk tilstedet på senter som har kunnskapen på plass.

6. Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å sikre langsiktig og god drift av senteret?

Som formidlingsorganisasjon tenker vi at Forfattersentrum er en naturlig samarbeidspartner. Vi har jo lang erfaring med drift av festivaler og formidling av litteratur.

7. Har du andre innspel eller kommentarar som gjeld rapporten frå forprosjektet, så kan du legge dette inn her:

Vi sender også et høringsvar til dere, basert på rapporten fra forprosjektet

Skriv inn namnet ditt her:

Sissel Kristensen

Fyll inn namnet på organisasjonen/institusjonen du eventuelt representerer:

Norsk Forfattersentrum Vestlandet

Kven bør vere hovudmålgruppene for eit Fosse-senter?

Norsk Forfattersentrum meiner det er lagt ned eit grundig arbeid i forrapporten. Vesentlege spørsmål blir lyfta fram og drøfta. Det blir spennande å følgje prosessen vidare når ein skal finne svar på alle spørsmåla og vedta ein plan.

Vi støttar dei overordna måla formulert i oppsummeringa, og vi er einige i at senteret må finne ein profil som gjev meining både lokalt og nasjonalt:

«Jon Fosse-senteret må utviklast med utgangspunkt i definerte føremål, der det er lokalt forankra men med eit nasjonalt oppdrag. Senteret skal gje eit tydeleg bidrag til den omfattande aktiviteten som alt finst knytt til Jon Fosse sitt forfattarskap, med vekt på det som er spesielt ved Strandebarm – den særskilte kunnskapen og dei unike opplevingane ein må til denne staden for å ta del i. Senteret skal ha ei profesjonell drift og vera fagleg sterkt, og vera ein stad for både inspirasjon og lærdom» (s. 3 i forprosjektet).

Jon Fosse-senteret bør ha som ambisjon å nå både eit lokalt, regionalt, nasjonalt og kanskje internasjonalt publikum. Det er nødvendig med ei sterk lokal forankring for å få til både etableringa og å ha eit stabilt publikumsgrunnlag framover. Lokal eigarskapskjensle og engasjement er truleg den viktigaste suksessfaktoren saman med ein tydeleg profil og fokus på kvalitet. Vi er imponerte over det gode formidlingsarbeidet Jon Fosse-stiftinga utfører, og vi meiner at senteret må byggje vidare på dette arbeidet.

EIN PROFESJONELL OPPDRAGSGJEVAR:

Norsk Forfattersentrum meiner det er viktig at senteret blir ein profesjonell oppdragsgjevar og at drifta gagnar norske forfattarar og kunstnarar. Vi håpar at senteret vil programmere litteraturarrangement av høg kvalitet med norske forfattarar. Vi ser positivt på at det i prosjektperioden blir budsjettert med 500 000 årleg til arrangement. Det er òg viktig at senteret hentar inn løyve til bruk av tekstar, og forhold seg til opphavsrettslege krav og betaler ut vederlag for bruk av tekstar.

MÅLGRUPPER:

Lokalt: Det lokale publikummet i Kvam herad vil alltid vera det viktigaste publikumsgrunnlaget, og må ikkje mistast av syne i prosessen med å etablere senteret.

Regionalt: Strandebarm ligg under to timar unna Bergen, ein by med 290 000 innbyggjarar. Bergen har offentlege instansar, eit universitetsmiljø og eit stort litteraturmiljø. Her bur eit stort lesande publikum som kan inviterast på besøk. Kanskje kan senteret også tilby turnerande produksjonar innan Den kulturelle skulesekken eller turnerande foredrag for vaksne?

Fagpersonar nasjonalt og internasjonalt: Senteret må definere ein nisje eller tydeleg profil. Dette vil vera særleg viktig overfor det nasjonale publikummet. Det mest utfordrande for senteret vil truleg vera å appellere til forskarar, forfattarar og fagfolk på nasjonalt nivå. Vil senteret kunne ha noko fysisk å tilby som det ikkje er lett å finne andre stader? For eksempel eit fullstendig bibliotek med alle utgjevingane til Jon Fosse på alle språk? Kan det finnast eksklusivt

materiale her som ikkje finst nokon andre stader? Kva er det litteraturvitarar og teatervitarar berre kan finne her?

Turistar: Norske og utanlandske turistar som har lite kjennskap til forfattarskapen til Jon Fosse vil truleg vera ei relevant målgruppe. Senteret må kunne presentere forfattarskapen til Jon Fosse på ein lettfatteleg og kreativ måte.

Digitalt publikum: Ikkje alle har moglegheit til å besøkje Strandebarm fysisk. Kva kan senteret gjera for å presentere Jon Fosse sitt kunstnariskap digitalt gjennom ei nettside eller sosiale medium? Kan dette gjerast på ein nyskapande måte mynta på spesifikke målgrupper?

Kva funksjonar bør eit framtidig Fosse-senter ha?

Slik vi les forrapporten skal senteret både ta vare på ein stor (og stadig større) bygningsmasse og samtidig ha svært høge ambisjonar for det kunstnariske og faglege formidlingsarbeidet. Kombinasjonen er utfordrande og stiller krav både til økonomien og til samansetjinga av kompetansen til dei tilsette. Det er behov for kompetanse frå ulike fagfelt, at ein klarer å prioritere og å balansere innsatsen – og at ein ikkje slit ut dei tilsette og dei frivillige.

- Kva kan eit Jon Fosse-senter i Strandebarm tilby som ingen andre tilbyr? Kva er det unike?
- Korleis kan senteret bli ein base for aktivitet og nyskaping?
- Korleis kan bygningsmassen gjeva moglegheiter i staden for avgrensingar?
- Korleis kan senteret opparbeide seg ein miljømessig berekraftig profil?

Å finne ut av desse spørsmåla er ein føresetnad for å etablere ein tydeleg profil.

EIN GOD ARBEIDSPASS

Eit besøkssenter treng ein god infrastruktur. Vi støttar påpeikinga av at Jon Fosse-senteret må bli ein god arbeidsplass (heile punkt 15 s. 22). Å skapa ein god arbeidsplass er viktig for stemninga i bygda og stemninga for dei besøkjande. Gode lokale for formidling, kurs og møte er viktig. Med overtakinga av bygningsmassen på Myra kjem det eit stort ansvar for vedlikehald og ein god bruk av husa. Det er viktig at ikkje alle ressursane blir bundne opp til ivaretaking av bygningsmassen. Korleis kan ein unngå at fortløpande vedlikehald blir ein stor byrde for senteret? Korleis kan bygningsmassen hjelpe fram formidlingsaktivitetane? Korleis kan senteret organiserast på ein slik måte at det ikkje blir ein kontinuerleg dragkamp mellom servicefunksjonane/infrastrukturen/bygningsmassen og innhaldet/formidlinga/skapinga?

OMGJEVNADER SOM INSPIRERER TIL SKAPANDE AKTIVITET

Korleis kan omgjevnadene bli ein levande del av opplevinga heller enn ein kulisse? Korleis skal senteret skilja seg ut frå dei mange «bygdetuna» rundt omkring i landet? Mange forbind museumsbesøk med å gå rundt og lesa informasjonsplansjar. Korleis kan senteret bidra til aktivitet og nyskaping?

Per i dag er det i hovudsak to måtar publikum opplever Jon Fosse sin kunst på: gjennom å lesa bøkene hans og å gå på teaterframsyningar. Andre formidlingsmåtar, som ikkje er like utbreidde, kan for eksempel vera litterære arrangement, verkstader og utstillingar. Dette kan senteret utnytte. Senteret bør kunne tilby eksklusive innblikk i og kunnskap om forfattarskapen og formidle dette gjennom metodar som Fosse-publikummet ikkje møter andre stader.

Strandebarm har eit sjølvstøtt fortrinn som må utnyttast: Dette er heimstaden til Jon Fosse. I Strandebarm møtast det lokale og det universelle. Her er heimstaddikting verdslitteratur. Dette kan utnyttast på fleire nivå. Heilt konkret vil publikum gjerne lære noko om heimplassen til Fosse og korleis heimplassen har påverka litteraturen hans. Kva finn ein att i litteraturen som han har frå denne plassen? Det kan òg lyftast opp på eit meir generelt nivå: Korleis blir forfattarar påverka av landskap og lokalsamfunnet dei kjem frå? Og eit tredje nivå i dette: Vil andre skrivande kanskje finne det inspirerende å gjeste landskapet til Jon Fosse? Er det interesse å koma hit for å finne inspirasjon til fagleg eller skjønnlitterær skriving? Moglegheit for gjesteopphald vil vera positivt for å initiere ny både forskning og kunst.

Ein kan òg spørja om det finst tema eller motiv i Jon Fosse sin kunstnarskap som senteret finn det særleg interessant å fordjupe seg i. Å definere eitt eller nokre få innsatsområde/tema vil gjera det lettare å skapa ein tydeleg profil.

EIN NATURVENNLEG OG NØYSAM PROFIL?

Og korleis kan alt dette utviklast på ein mest mogleg naturvennleg, nøysam og miljøvennleg måte? Det vil ikkje kle eit Jon Fosse-senter å bidra til auka turisme, auka CO2-utslepp eller arealendringar/naturtap lokalt. Korleis kan senteret formidle ein grunnleggjande respekt for natur og lokalmiljø? Kan ein gjera eit poeng ut av at ei eventuell utbygging blir gjort på ein reversibel måte med stor respekt for natur og miljø? Kva om ein bruker «minihus» på stolpar/hjul for å supplere med nødvendig og fleksibel infrastruktur? Kreative arkitektar eller gründerar bør koplast på.

I tillegg til dei tre som står bak forprosjektet: Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å realisere senteret?

Det blir spennande å følgje avklaringa av organisering og eigarskap. Forrapporten peiker på Hardanger og Voss museum eller Nynorsk kultursentrum. Jon Fosse-senteret bør òg kunne hente inn råd frå dei mange andre forfattarmusea som finst rundt omkring i landet.

For effektiv drift tilrår vi samlokalisering med folkebibliotekets filial i Strandebarm eller andre offentlege funksjonar som det er logisk å drifte i lag.

Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å sikre langsiktig og god drift av senteret?

Norsk Forfattersentrum Vestlandet går gjerne i dialog med eigarane av forprosjektet for å finne ut kva det er nyttig at vi bidreg med i den vidare arbeidsprosessen. Norsk Forfattersentrum ynskjer å samarbeide med senteret og vera eit bindeledd mellom lokalt engasjement, litteraturmiljøet i Bergen, og det nasjonale forfattarmiljøet. I tillegg kan vi tilby støttefunksjonar og rådgjeving.

Norsk Forfattersentrum Vestlandet kan tilby:

- Gjestekontorplass og eit fagleg fellesskap i Bergen.
- Eit nasjonalt kontaktnett innan litteraturbransjen.
- Rådgjeving innan forfattarformidling.
- Kompetanse på planlegging og gjennomføring av litterære arrangement og seminar.
- Kunnskap om DKS-systemet og utvikling av litterære produksjonar.
- Kunnskap rundt honorering, formelle rettar og opphavsrett.

Nynorsk kultursentrum og Hardanger og Voss museum

NYNORSK
KULTURSENTRUM

Vestland fylkeskommune
Kultur og folkehelse
v/sakshandsamar Tone Stedal Haugland

Hovdebygda/Norheimssund fredag 8. november

Innspel til prosessen for Jon Fosse-senteret i Strandebarm frå Nynorsk kultursentrum og Hardanger og Voss museum

Nynorsk kultursentrum og Hardanger og Voss museum takkar Fosse-stiftinga, Kvam herad og Vestland fylkeskommune for godt arbeid med forprosjektrapporten for eit mogleg Jon Fosse-senter i Strandebarm.

Begge musea som sender dette innspelet har vore involvert i prosessen gjennom samtalar og eit felles innlegg under folkemøtet i Strandebarm 31. august 2024. I likskap med innspelet vårt den dagen vil me i dette brevet gje eit innspel til Vestland fylkeskommune saman.

Både Hardanger og Voss museum og Nynorsk kultursentrum er trekt fram som moglege partar i ei framtidig konsolidering i forprosjektrapporten. Leiinga i desse musea trur på samarbeid og best mogleg involvering av alle aktuelle bidragsytarar er den beste vegen vidare for eit formidlingssenter for Jon Fosse sitt liv og forfattarskap og vil med dette signalisere at våre museum er innstilte på å samarbeide – ikkje konkurrere – om ein kjem vidare med prosessen om å etablere eit senter og gjere dette til ein del av eit konsolidert museum.

Våre museum har ulik spisskompetanse og kan komplementere kvarandre i ei eventuell framtidig drift av eit slikt senter. Begge musea er viktige kulturaktørar i Hardanger-regionen og ser fram til å finne fram til ein fornuftig driftsmodell og gode samarbeidsformer om prosjektet skulle bli realisert.

Vi vonar og trur fylkeskommunen og Heradet vil gjere kloke og framtidsretta vedtak for å stimulere til best mogleg samarbeid på tvers av organisasjonar og sektorar for å syte for at eit Jon Fosse-senter blir plassert i Vestland med alle dei positive ringverknadane dette kan føre med seg.

Med venleg helsing

Nynorsk kultursentrum
direktør Olav Øyehaug Opsvik

Hardanger og Voss museum
direktør Åsmund Kristiansen

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur

1. Skriv inn namnet ditt her:*

Olav Øyehaug Opsvik

2. Fyll inn namnet på organisasjonen/institusjonen du eventuelt representerer:

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur

3. Kven bør vere hovudmålgruppene for eit Fosse-senter?

Nynorsk kultursentrum takkar Fosse-stiftinga for eit viktig initiativ og godt arbeid over mange år for eit Fosse-senter i Strandebarm. Me takkar også Kvam herad, Vestland fylkeskommune og Fosse-stiftinga for arbeidet med forprosjektrapporten rapporten og høvet til å gi innspel til denne.

Hovudmålgruppene for eit Fosse-senter bør vere turistar frå inn- og utland og andre med interesse for (norsk) litteratur, kultur og historie. I tillegg bør senteret vende seg mot lokale og regionale publikumsgrupper som har glede av formidling kring Fosse sin kunstnarskap og kulturarven dei sjølve er ein del av.

Gjennom haust vinter og delar av våren vil skuleelevar i alle alderstrinn, studentar, forskarar og kulturarbeidarar eit Fosse-senter kan samarbeide med også vere svært viktige målgrupper for å sikre jamn drift gjennom heile året

4. Kva funksjonar bør eit framtidig Fosse-senter ha?

Hovudfunksjonen til eit Fosse-senter bør vere å forvalte og formidle kulturarven etter Jon Fosse og hans rikhaldige forfattarskap. Dette bør skje gjennom kulturformidling i form av utstillingar, omvisingar og kunst- og kulturprogram som set søkjelys på litteraturen og dramatikken til Jon Fosse og set det inn i relevante samanhengar med andre aktørar nasjonalt og internasjonalt. Dette inkluderer naturlegvis teaterframsyningar, både nye framsyningar og tidlegare verk.

Gjennom ei variert formidling som ser på alle sider av Fosse sin forfattarskap kan ein til ulike tider fremje også dei mindre synleggjorde delane, som til dømes poesien til Fosse. Eit tett samarbeid med Haugesenteret i Ulvik er avgjerande for kvaliteten og breidda i tilbodet ved eit framtidig Fosse-senter.

Senteret må løfte fram Fosse som ein av dei aller viktigaste norske forfattarane, og særleg som den viktigaste nynorskforfattaren i vår tid. For å forvalte denne kulturarven bør senteret også bidra til meir forskning på Fosse sin forfattarskap, og formidle rolla hans i den norske og nynorske litteraturhistoria. Nynorsk kultursentrum meiner det vil vere klokt å leggje ei eller fleire forskarstillingar til senteret lokalt, og vil peike særskild på arbeidet vi sjølve har gjort gjennom Haugesenteret for å få til meir forskning på Hauge forfattarskap enn det som elles ville blitt gjort.

Sidan 2014 har Nynorsk kultursentrum, gjennom konservatorstillinga ved Haugesenteret, bidrege til å løfte Haugeforskninga gjennom å skipe til seminar og ta initiativ til antologiar med forskingsartiklar. Det sentrale i alt dette er å føre gode krefter saman for meir utveksling av kunnskap og såleis meir kvalitetssterk forskning på Hauge. Der er ingen som stiller spørsmål ved Fosse sin status som ein av dei aller viktigaste forfattarane frå Noreg, men det kunne likevel vore langt meir forskning på forfattarskapen hans. Ei eller fleire forskarstillingar i Strandebarm kan bidra som bindeledd mellom Fosse-arkivet i Nasjonalbiblioteket, formidlinga lokalt og relevante forskingsmiljø.

Senteret bør fungere som eit lokalt og regionalt kulturhus som bidreg til auka turisme, tilflytting og livskvalitet i Strandebarm, Kvam herad og heile Hardanger.

5. I tillegg til dei tre som står bak forprosjektet: Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å realisere senteret?

I forprosjektet er der lista opp ei lang rekkje relevante samarbeidspartar, og Nynorsk kultursentrum stiller seg bak at både Hardanger og Voss Museum og Nynorsk kultursentrum blir løfta fram som dei viktigaste institusjonane å samarbeide med, i både i utviklingsperioden og seinare. Me ønskjer å peike på at desse institusjonane hausten 2024 skreiv eit felles brev til fylkeskommunen om at me ønskjer å samarbeide i denne prosessen – ikkje konkurrere. Brevet er vedlagt høyringsinnspillet vi har sendt på e-post.

Det er klokt av initiativtakarane å skiljemellom å realisere og langsiktig drift. Nynorsk kultursentrum har meir erfaring enn dei fleste når det gjeld å etablere og realisere senter som dette. Stiftinga sto heilt sentralt i etableringa og realiseringa av både Haugesenteret i Ulvik (opna 2014) og Vinjesenteret i Vinje i Telemark (opna i 2021). Vi bidreg gjerne i alle delar av denne prosessen, men er opne for mange ulike løysingar og former for samarbeid.

I tillegg til desse to museumsinstitusjonane vil me peike på at særleg Nasjonalbiblioteket, med ansvar for Fosse-arkivet, Skrivekunstakademiet i Bergen, Universitetet i Bergen og Det Vestnorske Teateret kan vere særleg viktige og relevante samarbeidspartar i den vidare utviklinga av senteret.

6. Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å sikre langsiktig og god drift av senteret?

For å få til ei langsiktig og god drift av senteret meiner me at det er viktig at Nynorsk kultursentrum spelar ei sentral rolle, særleg sidan vi er det einaste museet som har sommar til føremål å forvalte og formidle den nynorske skriftkulturen. Nynorsk kultursentrum tek i dag hovudansvar for formidling og forvaltning av kulturarven etter Ivar Aasen, Aasmund Olavsson Vinje, Olav H. Hauge, Tarjei Vesaas, Halldis Moren Vesaas og Aslaug Vaa, i tillegg til festivalar, utstillingar og andre tilstellingar som formidlar den nynorske skriftkulturen i stort. Eit sentralt spørsmål som må stillast om den langsiktige drifta av eit Fosse-senter er: Kven skal dei tilsette ved senteret ha som kollegaer, samarbeidspartnarar og støtte i kvardagen? Vi meiner forskarar, formidlarar, vertar, omvisarar, produsentar og andre tilsette ved eit Fosse-senter bør vere i dagleg kontakt med dei som gjer det same arbeidet knytt til forfattarskapane til forfattarar som Olav H. Hauge og Tarjei Vesaas. Vi meiner også det er i tråd med korleis Fosse sjølv knyt seg sjølv til den nynorske kulturarven at eit Fosse-senter bidreg til å styrkje arbeidet for den nynorske skriftkulturen. Då Fosse fekk vite at han skulle få Nobels litteraturpris var det første han gjorde å takke nynorsken. I nobelforedraget hans var Olav H. Hauge den einaste forfattaren han peika på.

I langsiktig drift vil særleg jamn kontakt med tilsette og lokale krefter i Ulvik vere ein viktig ressurs. Dei to Hardanger-bygdene Strandebarm og Ulvik har mykje til felles, både når det gjeld moglegheiter, potensiale og utfordringar. Etter 11 år med full drift i Ulvik har Nynorsk kultursentrum gjort seg mange nyttige erfaringar som kan vere viktig å ta med i langsiktig drift av eit Fosse-senter i Strandebarm.

Vidare vil Hardanger og Voss museum vere ein svært viktig ressurs i samarbeidet om drift av eit framtidig senter, og Nynorsk kultursentrum vil minne om brevet og det gjensidige ønsket om samarbeid. Å stifte eit Jon Fosse-senter er å ta eit nasjonalt ansvar for formidling, forskning og forvaltning knytt til den store litteraturen Jon Fosse har skapt, og framleis skapar. Derfor er det viktig å søkje eit breitt samarbeid i heile kulturfeltet. I det heile er samarbeid eit utruleg viktig stikkord for fornuftig utvikling og drift av dette prosjektet.

Som i utviklingsfasen vil særleg Nasjonalbiblioteket, med ansvar for Fosse-arkivet, Skrivekunstakademiet i Bergen, Universitetet i Bergen, Litteraturhuset i Bergen og Det Vestnorske Teateret vere særleg viktige og relevante samarbeidspartar også i langsiktig drift av senteret.

Lokale frivillige aktørar og andre kulturaktørar i heile Hardanger-regionen vil også vere naturlege samarbeidspartnarar, som til dømes Litteratursymposiet i Odda.

7. Har du andre innspel eller kommentarar som gjeld rapporten frå forprosjektet, så kan du legge dette inn her:

Nynorsk kultursentrum meiner Fosse si rolle som den viktigaste forfattaren i den nynorske skriftkulturen er for lite vektlagt i forprosjektrapporten og vil understreke at dette må vere eit viktig element i vidare utvikling av prosjektet.

Me vil også peike på at eit prosjekt som dette skal forankrast godt på mange ulike nivå, frå lokalmiljøet i Strandebarm til nasjonale styresmakter. For å sikre god forankring for etableringa og ei mest mogleg harmonisk og smidig utvikling av senteret er det viktig med opne, demokratiske og ryddige prosessar. Dette kan vere gjennom fleire opne folkemøte, slik som det blei gjort lokalt i samband med arbeidet med forprosjektet. I tillegg vil Nynorsk kultursentrum oppmode Kvam herad, Vestland fylkeskommune og Fosse-stiftinga til å samle alle relevante og moglege samarbeidspartnarar i same rom for å drøfte både prosessen vidare og den langsiktige drifta av Fosse-senteret på ein mest mogleg open, profesjonell og inkluderande måte.

Om Nynorsk kultursentrum

Nynorsk kultursentrum er eit av musea i det nasjonale museumsnettverket og eit av dei ti konsoliderte musea i Vestland fylke. Vi eig og driv Haugesenteret i Ulvik med den tilhøyrande Poesifestivalen som blir gjennomført annakvart år. Nynorsk kultursentrum driftar også Aasentunet og Vinjesenteret i Møre og Romsdal og Telemark. Me gjennomfører vitskapleg og kulturfagleg aktivitet som aukar kunnskapen og medvitet om nynorsk skriftkultur nasjonalt og internasjonalt. Dette gjer me gjennom dokumentasjon, samlingsforvaltning, forskning, formidling og politisk påverknadsarbeid. Nynorsk kultursentrum når mange tusen gjester kvart år gjennom musea våre, tre festivalar, turnéar og arrangement i heile landet og kunnskapsformidling på nett gjennom tekstar, nettutstillingar, podkastar, videoar og meir. Me tek eit sentralt ansvar for nynorsk også som sekretariat for Nynorsk forum, der 21 nynorskbedrifter, -institusjonar og organisasjonar drøftar viktige spørsmål om nynorsk i kulturlivet og samfunnet, og kjem med felles prioriteringar til statsbudsjettet kvart år.



Vestland fylkeskommune

post@vlfk.no

Dykkar ref.: Høyring Fosse-senter / saksnummer 2025/32134

Vår ref.: 443-OØO

Hovdebygda, 27. mai 2025

Høyringssvar til forprosjektrapporten for Jon Fosse-senter i Strandebarm

Nynorsk kultursentrum takkar Fosse-stiftinga for eit viktig initiativ og godt arbeid over mange år for eit Fosse-senter i Strandebarm. Me takkar også Kvam herad, Vestland fylkeskommune og Fosse-stiftinga for arbeidet med forprosjektrapporten rapporten og høvet til å gi innspel til denne.

Kven bør vere hovudmålgruppene for eit Fosse-senter?

Hovudmålgruppene for eit Fosse-senter bør vere turistar frå inn- og utland og andre med interesse for (norsk) litteratur, kultur og historie. I tillegg bør senteret vende seg mot lokale og regionale publikumsgrupper som har glede av formidling kring Fosse sin kunstnarskap og kulturarven dei sjølve er ein del av.

Gjennom haust, vinter og delar av våren vil skuleelevar i alle alderstrinn, studentar, forskarar og kulturarbeidarar eit Fosse-senter kan samarbeide med også vere svært viktige målgrupper for å sikre jamn drift gjennom heile året.

Kva funksjonar bør eit framtidig Fosse-senter ha?

Hovudfunksjonen til eit Fosse-senter bør vere å forvalte og formidle kulturarven etter Jon Fosse og hans rikholdige forfattarskap. Dette bør skje gjennom kulturformidling i form av utstillingar, omvisingar og kunst- og kulturprogram som set søkjelys på litteraturen og dramatikken til Jon Fosse og set det inn i relevante samanhengar med andre aktørar nasjonalt og internasjonalt. Dette inkluderer naturlegvis teaterframsyningar, både nye framsyningar og tidlegare verk.

Gjennom ei variert formidling som ser på alle sider av Fosse sin forfattarskap kan ein til ulike tider fremje også dei mindre synleggjorde delane, som til dømes poesien til Fosse. Eit tett samarbeid med Haugesenteret i Ulvik er avgjerande for kvaliteten og breidda i tilbodet ved eit framtidig Fosse-senter.

Senteret må løfte fram Fosse som ein av dei aller viktigaste norske forfattarane, og særleg som den viktigaste nynorskforfattaren i vår tid. For å forvalte denne kulturarven bør senteret også bidra til meir forskning på Fosse sin forfattarskap, og formidle rolla hans i den norske og nynorske litteraturhistoria. Nynorsk kultursentrum meiner det vil vere klokt å leggje ei eller fleire forskarstillingar til senteret lokalt, og vil peike særskild på arbeidet vi sjølve har gjort gjennom Haugesenteret for å få til meir forskning på Hauges forfattarskap enn det som elles ville blitt gjort.

Sidan 2014 har Nynorsk kultursentrum, gjennom konservatorstillinga ved Haugesenteret, bidrege til å løfte Haugeforskninga gjennom å skipe til seminar og ta initiativ til antologiar med forskingsartiklar. Det sentrale i alt dette er å føre gode krefter saman for meir utveksling av kunnskap og såleis meir kvalitetssterk forskning på Hauge. Der er ingen som stiller spørsmål ved Fosse sin status som ein av dei aller viktigaste forfattarane frå Noreg, men det kunne likevel vore langt meir forskning på forfattarskapen hans. Ei eller fleire forskarstillingar i Strandebarm kan bidra som bindeledd mellom Fosse-arkivet i Nasjonalbiblioteket, formidlinga lokalt og relevante forskingsmiljø.

Senteret bør fungere som eit lokalt og regionalt kulturhus som bidreg til auka turisme, tilflytting og livskvalitet i Strandebarm, Kvam herad og heile Hardanger.

I tillegg til dei tre som står bak forprosjektet: Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å realisere senteret?

I forprosjektet er der lista opp ei lang rekkje relevante samarbeidspartar, og Nynorsk kultursentrum stiller seg bak at både Hardanger og Voss Museum og Nynorsk kultursentrum blir løfta fram som dei viktigaste institusjonane å samarbeide med, i både i utviklingsperioden og seinare. Me ønskjer å peike på at desse institusjonane hausten 2024 skreiv eit felles brev til fylkeskommunen om at me ønskjer å *samarbeide* i denne prosessen – ikkje konkurrere. Brevet er vedlagt høyringsinnspølet vi har sendt på e-post.

Det er klokt av initiativtakarane å skiljemellom å *realisere* og langsiktig drift. Nynorsk kultursentrum har meir erfaring enn dei fleste når det gjeld å etablere og realisere senter som dette. Stiftinga sto heilt sentralt i etableringa og realiseringa av både Haugesenteret i Ulvik (opna 2014) og Vinjesenteret i Vinje i Telemark (opna i 2021). Vi bidreg gjerne i alle delar av denne prosessen, men er opne for mange ulike løysingar og former for samarbeid.

I tillegg til desse to museumsinstitusjonane vil me peike på at særleg Nasjonalbiblioteket, med ansvar for Fosse-arkivet, Skrivekunstakademiet i Bergen, Universitetet i Bergen og Det Vestnorske Teateret kan vere særleg viktige og relevante samarbeidspartar i den vidare utviklinga av senteret.

Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å sikre langsiktig og god drift av senteret?

For å få til ei langsiktig og god drift av senteret meiner me at det er viktig at Nynorsk kultursentrum spelar ei sentral rolle, særleg sidan vi er det einaste museet som har sommar til føremål å forvalte og formidle den nynorske skriftkulturen. Nynorsk kultursentrum tek i dag

hovudansvar for formidling og forvaltning av kulturarven etter Ivar Aasen, Aasmund Olavsson Vinje, Olav H. Hauge, Tarjei Vesaas, Halldis Moren Vesaas og Aslaug Vaa, i tillegg til festivalar, utstillingar og andre tilstellingar som formidlar den nynorske skriftkulturen i stort. Eit sentralt spørsmål som må stillast om den langsiktige drifta av eit Fosse-senter er: Kven skal dei tilsette ved senteret ha som kollegaer, samarbeidspartnarar og støtte i kvardagen? Vi meiner forskarar, formidlarar, vertar, omvisarar, produsentar og andre tilsette ved eit Fosse-senter bør vere i dagleg kontakt med dei som gjer det same arbeidet knytt til forfattarskapane til forfattarar som Olav H. Hauge og Tarjei Vesaas. Vi meiner også det er i tråd med korleis Fosse sjølv knyt seg sjølv til den nynorske kulturarven at eit Fosse-senter bidreg til å styrkje arbeidet for den nynorske skriftkulturen. Då Fosse fekk vite at han skulle få Nobels litteraturpris var det første han gjorde å takke nynorsken. I nobelforedraget hans var Olav H. Hauge den einaste forfattaren han peika på.

I langsiktig drift vil særleg jamn kontakt med tilsette og lokale krefter i Ulvik vere ein viktig ressurs. Dei to Hardanger-bygdene Strandebarm og Ulvik har mykje til felles, både når det gjeld moglegheiter, potensiale og utfordringar. Etter 11 år med full drift i Ulvik har Nynorsk kultursentrum gjort seg mange nyttige erfaringar som kan vere viktig å ta med i langsiktig drift av eit Fosse-senter i Strandebarm.

Vidare vil Hardanger og Voss museum vere ein svært viktig ressurs i samarbeidet om drift av eit framtidig senter, og Nynorsk kultursentrum vil minne om brevet og det gjensidige ønsket om samarbeid. Å stifte eit Jon Fosse-senter er å ta eit *nasjonalt* ansvar for formidling, forskning og forvaltning knytt til den store litteraturen Jon Fosse har skapt, og framleis skapar. Derfor er det viktig å søkje eit breitt samarbeid i heile kulturfeltet. I det heile er *samarbeid* eit utruleg viktig stikkord for fornuftig utvikling og drift av dette prosjektet.

Som i utviklingsfasen vil særleg Nasjonalbiblioteket, med ansvar for Fosse-arkivet, Skrivekunstakademiet i Bergen, Universitetet i Bergen, Litteraturhuset i Bergen og Det Vestnorske Teateret vere særleg viktige og relevante samarbeidspartar også i langsiktig drift av senteret.

Lokale frivillige aktørar og andre kulturaktørar i heile Hardanger-regionen vil også vere naturlege samarbeidspartnarar, som til dømes Litteratursymposiet i Odda.

Andre innspel

Nynorsk kultursentrum meiner Fosse si rolle som den viktigaste forfattaren i den nynorske skriftkulturen er for lite vektlagt i forprosjektrapporten og vil understreke at dette må vere eit viktig element i vidare utvikling av prosjektet.

Me vil også peike på at eit prosjekt som dette skal forankrast godt på mange ulike nivå, frå lokalmiljøet i Strandebarm til nasjonale styresmakter. For å sikre god forankring for etableringa og ei mest mogleg harmonisk og smidig utvikling av senteret er det viktig med opne, demokratiske og ryddige prosessar. Dette kan vere gjennom fleire opne folkemøte, slik som det blei gjort lokalt i samband med arbeidet med forprosjektet. I tillegg vil Nynorsk kultursentrum oppmode Kvam herad, Vestland fylkeskommune og Fosse-stiftinga til å samle alle relevante og moglege samarbeidspartnarar i same rom for å drøfte både prosessen

vidare og den langsiktige drifta av Fosse-senteret på ein mest mogleg open, profesjonell og inkluderande måte.

Om Nynorsk kultursentrum

Nynorsk kultursentrum er eit av musea i det nasjonale museumsnettverket og eit av dei ti konsoliderte musea i Vestland fylke. Vi eig og driv Haugesenteret i Ulvik med den tilhøyrande Poesifestivalen som blir gjennomført annakvart år. Nynorsk kultursentrum driftar også Aasentunet og Vinjesenteret i Møre og Romsdal og Telemark. Me gjennomfører vitskapleg og kulturfagleg aktivitet som aukar kunnskapen og medvitet om nynorsk skriftkultur nasjonalt og internasjonalt. Dette gjer me gjennom dokumentasjon, samlingsforvaltning, forskning, formidling og politisk påverknadsarbeid. Nynorsk kultursentrum når mange tusen gjester kvart år gjennom musea våre, tre festivalar, turnéar og arrangement i heile landet og kunnskapsformidling på nett gjennom tekstar, nettutstillingar, podkastar, videoar og meir. Me tek eit sentralt ansvar for nynorsk også som sekretariat for Nynorsk forum, der 21 nynorskbedrifter, -institusjonar og organisasjonar drøftar viktige spørsmål om nynorsk i kulturlivet og samfunnet, og kjem med felles prioriteringar til statsbudsjettet kvart år.

Med venleg helsing
Nynorsk kultursentrum

Olav Øyehaug Opsvik
direktør
Telefon 97 13 01 53
E-post olav.opsvik@nynorsk.no

Randi Storaas

1. Skriv inn namnet ditt her:*

Randi Storaas

2. Fyll inn namnet på organisasjonen/institusjonen du eventuelt representerer:

3. Kven bør vere hovudmålgruppene for eit Fosse-senter?

Folk frå inn- og utland som er interesserte i litteratur, teater, kunst og kultur, samt folk som arbeider eller utdannar seg innanfor desse felta.

4. Kva funksjonar bør eit framtidig Fosse-senter ha?

Det bør fremja kunnskap om Jon Fosse og hans litteratur, samt det nynorske skriftspråket. Her bør vera rom for gjestekunstnarar. Sjå elles eige dokument sendt som ein pdf.

5. I tillegg til dei tre som står bak forprosjektet: Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å realisere senteret?

Hardanger og Voss museum, Nynorsk kultursentrum, Dei norske teatera, Universiteta med litteratur- og dramastudium, Skrivekunstakademiet.

6. Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å sikre langsiktig og god drift av senteret?

Hardanger og Voss museum, Nynorsk kultursentrum, Dei norske teatera, Universiteta med litteratur- og dramastudium, Skrivekunstakademiet.

7. Har du andre innspel eller kommentarar som gjeld rapporten frå forprosjektet, så kan du legge dette inn her:

Sjå eige dokument sendt som ein pdf.

Høyringsinnspel til forprosjektrapport for Jon Fosse-senter i Strandebarm

Randi Storaas

27.5.2025

Eg har vore med i etableringsfasen både ved Kraftmuseet i Odda og ved Hardanger Fartøyvernssenter i Norheimsund. Både stader arbeidde eg med utvikling av tilbod for besøkjande. Erfaringa mi er at prosjekt treng si modning. Det tek tid å finna dei beste løysingane.

Ei Fosse-satsing i Strandebarm er på sin plass, men det var uheldig at fylkestinget gjorde vedtak om plassering på skuletomta på Tangerås alt før det var gjort grundige prosessar med utgreiing av kva satsinga skal vera, kva som skal vera innhaldet og kva kostnader det vil medføra. Området ligg dessutan tre kilometer frå bygda Fosse, er utan sjarm og utan utsyn til Fosse og fjorden.

Vedtaket om plasseringa vart gjort av Fylkestinget alt før ein visste at det var mogeleg å få overta barndomsheimen Myra. Eg kan ikkje skjønna anna enn at det må ha vore drive politisk lobbyarbeid av nokon som har eigeninteresse i at noko skal skje på det 50 måls store skuleområdet på Tangerås. Dette området har ein bygningsmasse på over 3000 m², med bygningar som er i dårleg stand. Det vil kosta mykje å setja dei i stand. Det vil kosta mykje å riva dei. Det vil kosta mykje å byggja eit heilt nytt senter og fylla det med godt innhald.

Eldsjelene i Fossestiftinga har gjort eit stort arbeid for å markera Jon Fosse sin forfattarskap lokalt. Kjøpet av Fosse-huset, det tidlegare bedehuset på Fosse, var ei god og nøktern satsing. No har dei også overtatt garden Myra, der Jon Fosse vaks opp. Her er det to bustadhus, løe, stølshus og naust, samt innmark og utmark. Omvising i dette miljøet vil gje dei besøkjande unikt innblikk i kva som forma og inspirerte forfattaren. Dette vil mange litteratur- og kulturinteresserte koma for å sjå. Fosse-huset kan fungera godt for mottak av besøkjande også framover, og vera utgangspunkt for guida turar gjennom kulturlandskapet bort til heimegarden for omvising der, vidare ned til nausta i Fossvågen og så attende til ein kopp kaffi i Fosse-huset, der det er servering, informasjon og boksal. Ein del parkeringsplassar må det kunna finnast rom for i nærområdet.

Fosse-stiftinga bør og vera pådrivar for restaurering av det flotte naustmiljøet i Fossvågen, som var ein del av barndomens landskap for forfattaren og ei viktig inspirasjonskjelde for han. Nausta er på gul liste i Kulturminneplanen frå Kvam herad, dvs nausttrekkja høyrer til dei kulturminne heradet ynskjer skal takast vare på. Fleire av nausta er i dårleg stand, med naust som har sige i kne og naust som kjem til å sige i kne om dei ikkje vert restaurerte med det første. Her er overgrodd av vegetasjon. Området bør ryddast og nausta få naudsynt restaurering og vøle.

Knut Markhus har laga ein forprosjektrapport som gir eit godt grunnlag for å arbeida vidare med eit hovudprosjekt. Han tilrår at ein ikkje forhastar seg på vegen vidare. Nye moment kan koma inn, og planane vert justerte til det betre. Det økonomiske arbeidet må først handla om å finansiera eit hovudprosjekt. Gjennom hovudprosjektet kan ein få eit betre grunnlag til å finna dei rette satsingane og vurdere økonomien.

Etter mi meining er det også viktig å få på plass finansiering og ei god drift av Fossehuset saman med garden Myra og eit fokus på restaurering av nausta i Fossvågen, før ein vil famna endå vidare. Å syta for dette vil vera ei stor og flott kultursatsing frå det offentlege. Samstundes får ein sett kva pågang det er for besøk og kva det blir trong for vidare medan ein utgreier ulike alternativ for vidare utvikling.

Skal det drivast eit Jon Fosse-senter både på Tangerås, i Fossehuset på Fosse og på heimegarden Myra trengst mange tilsette og store driftstilskot. Det vil vera krevjande å driva profesjonelt på tre stader. Truleg vil eit Jon Fosse-senter henta driftsfinansieringa si hovudsakleg frå det offentlege, dvs stat, fylke og herad. Det er krevjande tider økonomisk både for kommunen og fylkeskommunen. Kommunen slit med å finna midlar til lovpålagde oppgåver, og har lite rom for anna. Innhald og kostnader må på bordet før ein gjer vedtak som legg føringar for bruk av offentlege midlar i lang tid framover. Kor stor «Jon Fosse-turismen» kan bli er uvisst, truleg ikkje stor nok til å bidra vesentleg i eit driftsbudsjett. Me er heller ikkje mange nok her i regionen til å gje jamn bruk av eit storsenter på Tangerås gjennom året.

Teaterstykke av Fosse kan ein sjå på flotte scenar med framifrå skodespelarar over heile verda. Det Strandebarm har, og som ingen andre har, er moglegheita til å spela teater i sjølve Fosse-landskapet, landskapet som har inspirert han. Dette har vore gjort i regi av Fosse-stiftinga i fleire år, og det kan utviklast til teaterframsyningar i heimetunet, i husa og i løa, og nede ved nausta. Det kan spelast i Fosse-huset og større framsyningar kan spelast i det freda og flotte ungdomshuset. Mange av teaterstykkane er enkle oppsetjingar med få skodespelarar. Dei kan fungera fint i husa som alt finst. Det blir ei eiga oppleving å sjå teaterstykkane i autentiske omgjevnader. Eg har sjølv vore publikum på Fosse oppsetjingar både i ungdomshuset og i den gamle butikken på Fosse. Det er opplevingar eg hugsar som noko spesielt. I dag er det noko tungvindt å ha arrangement i desse husa, men det må vera mogleg å utvikla fasilitetane knytt til dei ulike stadene, slik at dei fungerer betre for både skodespelarane og dei som skal arrangera. Fosse-dagane kan utviklast til for eksempel nokre veker om sommaren der det vert spelt teater kringom på desse ulike scenane. Eg har tru på at dette på sikt vil kunna trekkja folk frå både inn- og utland, og truleg vil teatergrupper som spelar Fosse-stykke på scenar både her i landet og i utlandet, setja pris på å bli invitert til å spela teater i sjølvaste Fosse-landskapet.

Satsar ein først på det ein har og brukar tid på å finna vegen vidare er eg viss på at det vil koma opp mange gode forslag. Arkitekt Lars Berge har alt kome med eit fint forslag om ei smålåten og nøktern satsing i sjølve tunet. Huset bak Fosse-huset skal visstnok også vera tilgjengeleg. Eg vil tru at både Berge og andre vil kunna koma opp med gode forslag både knytt til denne lokaliteten og andre etter kvart som prosjektet utviklar seg.

Det er vanskeleg å forstå hastverket til Fosse-stiftinga og at dei ikkje ser nytten av ei ide-myldring over tid knytt både til innhald og lokalisering. Det er å vona at dette kan snu, og at Fylkestinget vil oppheva vedtaket om lokalisering, slik at prosjektet får den utvikling og mogning det fortener og treng.

Skald AS

1. Skriv inn namnet ditt her:*

Simone Stibbe

2. Fyll inn namnet på organisasjonen/institusjonen du eventuelt representerer:

Skald AS

3. Kven bør vere hovudmålgruppene for eit Fosse-senter?

Eit Jon Fosse-senter vil vere interessant for mange, og hovudmålgruppene som er lista opp i rapporten er alle viktige og relevante. Fosse-senteret bør opplevast som inviterande og relevant for ei breiast mogleg målgruppe med besøkande frå inn- og utlandet. Vi ønskjer å framheve barn, ungdommar, unge vaksne og studentar som ei viktig målgruppe. Senteret vil kunne inspirere unge til skrivning og lesing, og formidle både litteratur og verdien av språket-særleg nynorsken - frå andre vinklar og med andre perspektiv enn det ein vanlegvis får gjennom skuleverket.

4. Kva funksjonar bør eit framtidig Fosse-senter ha?

Eit Jon Fosse-senter bør ha som hovudføremål å forvalte og formidle kunnskap om Jon Fosse og den litterære kulturarven som står att etter han, gjeme gjennom tradisjonell formidling som utstillingar og omvisingar med utgangspunkt i gjenstandar, litteraturen, bygningane og Strandebarm. Men det er òg viktig at det blir eit levande senter som er relevant for dagens utøvande kunstnarar og forskarar frå inn- og utland, ein arena der nynorsken som litterært språk blir løfta fram - ein stad som kan inspirere til kunstnarleg skaping og kva som er mogleg å få til.

Det bør absolutt lagast plass til ei scene som kan vere arena for formidling av både Fosse sin litteratur, men og anna samtidslitteratur og -teater, med opne arrangement. Vi likar ideen om eit bibliotek som og kan bli eit lokale med fleire bruksområde. Det er viktig at dei mange sidene ved Jon Fosse blir løfta fram. Skald er eitt av forlaga i Noreg som gir ut Fosse sine omsetjingar av verdslitteratur til nynorsk, og vi ser at omsetjaren Jon Fosse ofte kjem i skuggen av dramatikaren og den skjønnlitterære forfattaren. Sjølv om Jon Fosses litteratur opplevast som nært har Fosse sjølv blitt inspirert av forfattarar frå heile verda - og han har jobba for å få verka deira utgitt på nynorsk. Vi meiner difor at det er viktig å få fram den internasjonale dimensjonen i Jon Fosses forfattarskap, både med tanke på å hente det internasjonale inn og spreie forfattarskapen til Fosse ut. Begge delar opplever vi som like viktig for Jon Fosse.

Her er det stort potensiale for både formidling, undervisning og samarbeid over landegrenser, kanskje i samanheng med ein mogleg stipendopphald for dei som blir tildelt den nyoppretta omsetjarprisen, som er nemnd i rapporten. Jon Fosse er ein forfattar av internasjonalt format og det er viktig at det og blir spegla i innhaldet og funksjonane til senteret.

Det er også naturleg at infrastrukturen rundt senteret inneheld ein bokhandel som tilbyr Fosses verk på ulike språk, og samstundes alle omsetjingane hans til nynorsk. Senteret bør òg gi rom og rø for lesing, og gjerne også skrivning.

Vi meiner senteret på same måte som Jon Fosse sin litteratur, må ha høge ambisjonar og våge å strekke seg mot det som ikkje enno er utforska, og ikkje la seg avgrense av det som i dag kanskje kan synast umogleg å få til. Her er samarbeid med andre nøkkelen til å lukkast.

5. I tillegg til dei tre som står bak forprosjektet: Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å realisere senteret?

Skald stiller seg positive til aktørane som er nemnde i rapporten, og vurderinga av Fossesenteret må vere godt forankra lokalt, gjerne også i samarbeid med Nynorsk kultursentrum som har erfaring frå å drive fysiske senter med utgangspunkt i forfattarskap er med. Det vil vere ein styrke om fleire av aktørane kan samarbeide om realiseringa, for å samle erfaring og kunnskap – samt legge til rette for eit breitt samarbeid allereie frå starten av.

I tillegg til lokal og regional forankring, er det svært viktig at prosjektet blir forankra på nasjonalt plan. Her er det naturleg med staten, men også Norla og Nationalbiblioteket bør har ei kopling til senteret, med. Det er særleg viktig at ikkje Fosseprisen og Fosseseminaret blir ståande isolert frå senteret.

6. Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å sikre langsiktig og god drift av senteret?

Mange viktige og relevante samarbeidspartnarar er nemnde i rapporten. Skald trur at det er viktig å samarbeide tett med etablerte lokale og regionale aktørar som arbeider med formidling, forskning og forvaltning av (nynorsk) litteratur, og at samarbeidspartnarar blir inviterte inn i arbeidet tidleg. Det er viktig at eit Jon Fosse-senter ikkje konkurrerer med lokale og regionale kulturtiltak, men finn sin eigen nisje og bidreg med å bygge opp regionen som eit kulturreisemål.

Samstundes kan det vere ein tanke at Fosse-senteret med sin kompetanse etter kvart kan hjelpe andre aktørar med formidlinga av Jon Fosses virke og liv, kan hende med å lage formidlingsopplegg som kan turnere landet rundt.

Vi er mange aktørar med stort hjarte for Jon Fosse og litteraturen hans, og eit senter vil tene på eit breitt samarbeid der fleire får høve til å kjenne seg inkluderte og involverte.

Vi vil igjen minne om den internasjonale dimensjonen av Fosse sin litteratur og forfattarskap, og vil oppmode om at internasjonale aktørar blir inviterte med, gjerne dei som er nemnde i rapporten.

7. Har du andre innspel eller kommentarar som gjeld rapporten frå forprosjektet, så kan du legge dette inn her:

Skrivekunstakademiet

1. Skriv inn namnet ditt her:*

Sivert Nesbø

2. Fyll inn namnet på organisasjonen/institusjonen du eventuelt representerer:

Skrivekunstakademiet

3. Kven bør vere hovudmålgruppene for eit Fosse-senter?

Eit Fosse-senter bør vere ein stad som kan gje opplevingar og inspirasjon for publikum, men det er ein føresetnad at den formidlinga eit slikt senter skal stå for, må vere tufta på profesjonelle forskings-, museums- og formidlingsprinsipp. Antakeleg vil ein oppleve vesentleg færre besøk ved senteret haust- og vinterstid, og dette må verte spegla i arbeidet som skal gjerast ved senteret. Organisasjonen må vere solid og profesjonell og sikre ei berekraftig drift over tid. Dette må skje samstundes som ein tek vare på det friviljuge engasjementet i bygda og sikrar at Fosse-senteret kjennest som noko som har vakse ut av og som høyrer heime i Strandebarm.

4. Kva funksjonar bør eit framtidig Fosse-senter ha?

Ved å etablere eit Fosse-senter for framtida, tek ein på seg eit stort ansvar, og for at eit slikt senter skal ha bereevne over tid, må det byggast på solid fagkunne. Det sentrale ved eit Fosse-senter må vere forskning og formidling. Ein bør legge vinn på å etablere fagleg sterke miljø som engasjerer seg, ikkje berre i litteratur- og teatervitskap, men og i filosofi, teologi, omsetjing og andre kulturfag.

Det er og avgjerande at ein byggjer ein organisasjon som er sterk nok til å tole å stå over tid: ein må vere tilstrekkeleg mange tilsette til at arbeidsoppgåvene kan skjøttast på skapleg vis, og sikre at ein ikkje lid overlast og opplever unødige slitasje. Administrative ressursar må vere på plass, parallelt med dei faglege ressursane. Det er antakeleg naturleg å sjå for seg at ein ved eit slikt senter bør ha sju-åtte tilsette.

5. I tillegg til dei tre som står bak forprosjektet: Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å realisere senteret?

Det er eit uttalt mål at senteret skal ha ei lokal forankring, det vil seie at det ligg i Strandebarm og har hovudverksemda si der. Det er fornuftig. Det kan likevel vere naturleg å tenkje seg at senteret operer med ein modell med nodar i tilknytning til eit senter, for å utnytte dei fagmiljøa og kreftene som finst i regionen. Særleg gjeld dette kanskje forskingsmiljøa på universitetet samt litteraturmiljøet i Bergen. Det er nærliggande å tenke seg både langsiktige og prosjektbaserte samarbeid med institusjonar som Universitetet i Bergen, Skrivekunstakademiet Den Nasjonale Scene, Det vestnorske teateret, Litteraturhuset i Bergen med fleire.

6. Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å sikre langsiktig og god drift av senteret?

Universitetet i Bergen, Skrivekunstakademiet, Den Nasjonale Scene, Det vestnorske teateret, Litteraturhuset i Bergen, Nasjonalbiblioteket, Nynorsk kultursentrum, EPOS,

7. Har du andre innspel eller kommentarar som gjeld rapporten frå forprosjektet, så kan du legge dette inn her:

Det verkar fornuftig å utnytte det momentumet som no finst kring prosjektet og gjere det ein kan for å sikre framdrift. Skrivekunstakademiet ser fram til å vere ein støttespelar for prosjektet og ønsker all hell og lukke på vegen vidare.

Solveig Norheim

1. Skriv inn namnet ditt her:*

Solveig Norheim

2. Fyll inn namnet på organisasjonen/institusjonen du eventuelt representerer:

3. Kven bør vere hovudmålgruppene for eit Fosse-senter?

Jf. ti sendt e-post

4. Kva funksjonar bør eit framtidig Fosse-senter ha?

Jf. ti sendt e-post.

5. I tillegg til dei tre som står bak forprosjektet: Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å realisere senteret?

Jf. ti sendt e-post

6. Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å sikre langsiktig og god drift av senteret?

Jf. ti sendt e-post

7. Har du andre innspel eller kommentarar som gjeld rapporten frå forprosjektet, så kan du legge dette inn her:

Høyringsuttale til

«Høyring forprosjektrapport om Jon Fosse-senter i Strandebarm»

«Heilt ekte Jon Fosse. Eit senter som er i Jon Fosse si ånd»

Slik er overskrifta i forprosjektets punkt «4.2 Føremål og ynskje», underpunkt 6. Her henviser forprosjektet til Cecilie Seiness i Samlaget som seier at ein må laga noko Jon Fosse er nøgd med, noko han kan leva med. Men slik forprosjektet vidare poengterer (s. 15) vil Jon Fosse sjølv ikkje blande seg inn i kva senteret skal innehalde, eller kva profil det skal ha.

Eg meiner Jon Fosse sine tankar og kunstnarskap har stor samfunnsnytte også utover verdien som stor litteratur! «Reindyrka» littertursenter har me allereie fleire av i Noreg. For Jon Fosse-senteret sitt truverde, og som bærer av Jon Fosse sitt namn, vil eg argumentera for at me ikkje kan la vere å «lodda djupt»; å la hans «ånd» bli kjennemerke og særmerke for senteret, med dei positive ringverknader det kan få.

Først kjennes det riktig for meg å poengtera at eg, i stor respekt for Jon Fosse og hans kunstnarskap, kjenner meg audmjuk i denne saka. Kven er eg som kan meina noko som helst tilknytta dette? Ikkje er eg høyringsinstans, berre ei ihuga Jon Fosse-lesar som har oppdaga den store djupna i litteraturen og tankane hans, og som derigjennom kjenner på ein gjenklang. Ikkje har eg noko relevant doktor- eller mastergrad å visa til heller, berre ein bachelorgrad frå ymse fagemner, m.a. veiledning. Dei siste 3,5 år har eg vore friviljug samtalepartner i ei nasjonal kriseteneste for unge menneske på randen av livet, der fortvilninga har nådd ei grense. 727 personar, halvparten under 47 år, tok livet sitt i 2024. Og mørketala er store, mørketal i meir enn ei tyding: Dei fleste av dei som tek kontakt kjenner på ei fundamental meningsløyse i livet.

Forprosjektet har teke med nokre setningar av innspelet eg sende i e-post til prosjektleiar i etterkant av det opne møte i Strandebarm 31. august i fjor. Bakgrunnen for mine tankar i e-posten oppsto gjennom å ha lese m.a. Triologien, Septologien, Nobelforedraget og ikkje minst boka «Mysteriet i trua» frå 2015. Sistnemnde er ei ordveksling mellom Jon Fosse og Eskil Skjeldal, og her finn me ein Jon Fosse som deler sjeldent og raust av sine inspirasjonskjelder og si tankeverd. Og for ei tankeverd! Her kjem den kristne mystikaren Jon Fosse tydeleg fram for lesaren, med godt underbygde refleksjonar. Det er få bøker eg har lese mange gonger, men dette er ei av dei!

I etterkant av dette var eg så heldig å bli invitert til Det Kongeleg Slott 24. april i år, til å sjå overrekkinga av den første omsetjarprisen og til å høyra historiens første Fosse-foredrag. Det er verdt å merkja seg at det var Jon Fosse ***sjølv***, i samarbeid med Nasjonalbiblioteket som valde den franske teologen og prof. emeritus Jean-Luc Marion til dette foredraget (jf. nasjonalbibliotekar Aslak Sira Myhre sin leiingstale denne dagen). Marion og Fosse har begge sin ståstad i grenselandet mellom teologi og filosofi, eit

landskap som har vore utan gjerde sidan kyrkjefaderen Augustin for 1700 år sidan opna det (ibid).

Foredraget, som både er bibelsk og filosofisk fundamentert, har tittelen «Skaping». Her snakkar Marion m.a. om å gjenkjenne Skaparen i skaparverket. Skaparverket, som han argumenterer for blei skapt ved å skilje det eine frå det andre (var det allereie her motsetningar oppsto?), og om den verdifulle og avgjerande evna hjå oss menneske til å sjå skaparverket som godt, sjå livet som ei gåve, å kjenne på takksemd, slik at det gode vert gitt næring (og det motsette, vonde, redusert). Omgrepet *skaping* vart følgt opp i samtalen mellom Marion og Olin på Nasjonalbiblioteket dagen etter: For mennesket kan også skape, eller med Marions omgrep; *tilverke* noko, noko som, i den grad det vert gjenkjent (som godt, meningsfullt osv) av andre menneske, har verdi. Tilverkaren gir på ein måte vidare det han mottar gjennom si tilnærming; han er meir ein lyttar / observatør enn produsent.

Og her tillèt eg meg å overføra desse tankane til det denne høyringsuttalen handlar om: å lage eit genuint Jon Fosse-senter i Strandebarm: For likeeins som å gjenkjenna Skaparen i skaparverket, og mening i det som er blitt tilverka, må me på same vis kunna gjenkjenna Jon Fosse si unike «ånd» i senteret! Og likeeins som Jon Fosse er nyskapande innan litteraturen, må Jon Fosse-senteret våga å gå heilt nye vegar! Som det vert sitert i Forprosjektet s. 19: «Sikt smalt for å treffa breidt». Først då får senteret integritet som vedvarar og held seg gjennom skiftande tider.

I slutten av foredraget til Marion vert Jon Fosse sitert om motsetningar, motsetningar som finst tilstades samstundes i alt som er, som t.d. det gode og det vonde. Dette med motsetningar er også noko av kjernen i kristen mystikk. I «Mysteriet i trua», viser Jon Fosse gong på gong til dei kristne mystikarane Meister Eckhart (ca 1260 – 1328) og Cusanus (1401 – 1464), og sistnemnde sin teori om paradoksale motsetningar (coincidentia oppositorum). Også i mennesket finnest sterke motsetnader, motsetningar som stridest. Derfor opplever me alle, i meir eller mindre grad, den eksistensielle uroa: eit tema som særmerkjer Jon Fosse sitt forfattarskap. Me menneske opplever denne uroa i mange former og i ulik gard, og for nokon vert ho meir alvorleg enn for andre. For desse kan livet kjennast for meningslaust til å fortsetja å leva. "Der fortvilninga når si grense, der er Gud" er ein setning Jon Fosse seier han helst vil skriva med feit skritf, for den er så viktig ("Mysteriet i trua" side 159). Vår individualiserte og nihilistiske verd (det siste er eit hovudtema i den nemnde samtalen mellom Marion og Olin 25. april) kan fara stygt åt med mennesket. Men noko anna har me, med tidsånda i Noreg i hevd, knapt å tilby det stridande mennesket av i dag. Kyrkjelege organisasjonar har visst ein like stor angst for det åndelege, og har innført omgrepet «livssynsåpenhet». Kanskje freistar ein slik å koma seg utanom den åndelege lengt medlemmer måtte kjenna på?

I e-post til prosjektleiar i sept. i fjor viste eg til slutten av Nobelforedraget der Jon Fosse erkjenner at diktninga hans inneheld ein del sjølv-mord, fleire enn han likar å tenkje på. Og han har vore redd for at han har vore med på å legitimera sjølv-mord. Men han seier vidare at han har fått tilbakemeldingar om at diktninga hans heller har redda liv, kanskje

også hans eige. Og ingenting kan gleda han meir enn om diktninga hans kan redda liv (jf. Nobelforedraget).

Jon Fosse-senter i Strandebarm

I høyringa les eg at de ønskjer at senteret «....skal vere lokalt forankra, men ha eit nasjonalt oppdrag. Senteret skal gje tilgang til inspirasjon og opplevingar, og kunnskapsformidlinga må springe ut frå ein fagleg sterk organisasjon». Forprosjektet slår fast at senteret må vere for alle.

Kan eit Jon Fosse-senter i Strandebarm bli eit kraftsenter for det meiningsfulle liv, både lokalt og nasjonalt, der *heile* mennesket, især den forsømde sjela, vert teken på alvor? *Vågar* ein å tenkja i denne retningen? Og kva instansar kan «romme» drift av Jon Fosse-senteret med eit slikt innhald?

Eg tenkjer at det nasjonale og det lokale oppdraget kanskje i noko grad kan skiljast åt i senteret. Og kanskje det nasjonale oppdraget vert det viktigaste for å forvalta den «heilt ekte Jon Fosse»

Det nasjonale oppdraget; målgrupper og samarbeidspartnarar

Jon Fosse seier i «Mysteriet i trua» s 124: «Og kunsten er avgjerande viktig fordi det er ein av dei få stadane der det åndelege livet vert halde oppe i eit samfunn som elles vert freista gjort så materialisert, byråkratisk og «positivistisk» som råd. Ånda er farleg, verkar det som».

Kan ein tenkja seg ein del av Jon Fosse-senteret som, gjennom god kunst, kunstterapi, førebyggjing, kurs og seminar, retreat, diakoni, sjelesorg, forskning og behandling (t.d. traumer, angst og depresjon) fremjande av livskvalitet, livsmeining og god psykisk helse? Kanskje kan Jon Fosse-senteret inngå samarbeid med, eller henta ressursar frå Modum Bad, universitet, diakonale institusjonar, Den norske kyrkja, Den katolske kyrka, Kvekersamfunnet (Jon Fosse kjenner seg som kjent nær denne rørsle) og relevante institusjonar innanlands og utanlands? Eg tenkjer at forskning vil vera spesielt avgjerande for utvikling av det nasjonale oppdraget for senteret på sikt. I høve målgrupper nemner Forprosjektet i pkt. 5.1, underpunkt «Nasjonale og internasjonale forskingsmiljø» senteret si betydning for forskarar verda over. «Her er det viktig at senteret.... kan tilby noko ein ikkje finn andre stader».

Det vil vera viktig for det nasjonale oppdraget at eit Jon Fosse-senter i Jon Fosse si ånd, i tillegg til å ta imot dei som treng eller ønskjer tenestene, også kan drive utadvendt verksemd, og at det offentlege kan støtte og stille seg bak dette. Det kan t.d. dreie seg om utarbeiding av offentlege tilbod om kunstterapi og åndeleg veiledning til elevar i vidaregåande skule, til tilsette i offentlege verksemdar, eldre på institusjonar mm. Eg tenkjer elles at senteret kan nå ut til eit svært breidt publikum gjennom digitale kurs og webinar, i tillegg til ev. fysisk oppsøkjande verksemd.

Det lokale oppdraget; målgrupper og samarbeidspartnarar

Forprosjektet skisserer mange gode idear for innhald og samarbeidspartnarar ein kan velja mellom. Mykje av dette passar godt til senteret i ekte Jon Fosse-ånd. Eg begrensar difor denne delen til å gjelda det eg meiner er viktigast.

Senteret må sjølvsagt ha eigna lokale for administrasjon som i første omgang vidarefører og utviklar den eksisterande aktiviteten som no skjer i Fossehuset. Her tenkjer eg både konsertar, foredrag, ståande utstillingar, oppsetnader etc i eigna rom. Etter kvart kan administrasjonen utvidast til å koordinera det nasjonale oppdraget som eg har skissert ovanfor, i tillegg til annan lokal aktivitet:

Eit av dei viktigaste lokala i senteret, kall det gjerne *hjarta i senteret*, bør vera eit velutstyrt bibliotek og ein bokhandel. Eg meiner dette er vesentleg for både det lokale og det nasjonale oppdraget. Her bør ein, forutan Jon Fosse sine verk, kunne finna relevant støttelitteratur. Dette må inkludera m.a. Jon Fosse sine inspirasjonskjelder innanfor m.a. filosofi, kristen mystikk og teologi. Og i tillegg til originalspråk må desse finnast på norsk, gjerne nynorsk (kven tar omsetjar-opdraget?). Kanskje kan ein oppretta nettbokhandel herfrå, med spesialfelt innan Jon Fosse sin litteratur, kristen mystikk og filosofi? I tilslutnad til bibliotek / bokhandel kan ein etablere ein bokkafè med kaffibar etter mønster frå tilsvarande i andre land. Ein kan seinare utvida kafè og meny i samsvar med endra behov. Bokkafèen må ha forsvarlege opningstider og kan bli ein populær møteplass for lokale, nærturistar, gjennomreisande mm i alle aldersgrupper. Og den må, saman med biblioteket, ha fasilitetar både for stille lesing, studie, og den gode dialogen over ein kopp kaffi eller cappuccino.

Senteret, gjerne inkludert barndomsheimen Myra og Fossehuset, må kunne tilby gode overnattings-, opphalds- og arbeids-fasilitetar for forskarar, gjestekunstnarar, oversetjarar og andre interesserte som vil arbeida eller studera i Strandebarm ei tid. Ein kan også på sikt tenkje seg at senteret kan utvidast med overnattings-moglegheiter for «Fosse-pilgrimar», tilreisane og turistar. Tilbod om frukost og tradisjonsrike middagsrettar følger med i den då utvida bokkafèen.

Tomta senteret er tiltenkt gjev store mogelegheiter! Her kan ein etter kvart leggje til rette for å ta inn ånda i naturen, gjenkjenne Skaparen i skaparverket. Ein kan vandra på tilrettelagde stiar, gjerne med Fosse-poesi oppslått langsmed vegen, setja seg ned på benkar for refleksjon og gode samtalar, arrangere eller tilretteleggje for ulike aktivitetar for born og vaksne mm.

Til slutt

Forprosjektet nemner at Jon Fosse har kome med nyttige opplysningar og synspunkt til prosjektleiar i prosjektperioden (jf, Forprosjektet pkt. 3.3 s. 8), utan at Jon Fosse ønskte å offentleggjera desse. Og sjølv om han heller ikkje ønskjer å leggja føringar for senteret, tenkjer eg at dersom innspela hans då, eller eventuelt no seinare, kan ha relevans for noko angående senteret, må dei tilleggjast den aller største verdi.

Kjelder

Det Kongelige Slott, 24. april 2025 kl 16: Myhre, Aslak Sira: Tale under utdelinga av den 1. omsetjarprisen og det 1. Fosse-foredraget <https://www.nb.no/tv/fosseforedraget-og-fosseprisen/>

Folkehelseinstituttet om sjølv mordstal for 2024:
<https://www.fhi.no/nyheter/2025/fortsatt-hoye-selv-mordstall/>

Fosse, Jon, i samtale med Skjeldal, Eskil: *Mysteriet i trua* (Samlaget, 2015).

Høyring forprosjektrapport om Jon Fosse-senter i Strandebarm

Jon Fosse-senter i Strandebarm, Forprosjekt

Marion, Jean-Luc: *Skaping* (Nasjonalbiblioteket, 2025) omsett av Margunn Vikingstad

Nasjonalbiblioteket 25. april 2025 kl 17: Samtale mellom Jean-Luc Marion og Margareth Olin.

Mvh.

Solveig Norheim,
ihuga Fosse-lesar og strandeberming

Svein Ove Duesund

1. Skriv inn namnet ditt her:*

Svein Ove Duesund

2. Fyll inn namnet på organisasjonen/institusjonen du eventuelt representerer:

Meg sjølv - fødd og oppvaksen i Strandebarm

3. Kven bør vere hovudmålgruppene for eit Fosse-senter?

Lekfolk - den vanlege lesar, den vanlege teatergjest
Fagfolk - litteraturkjennarar i alle sjangar
Familiar - oppleve ein forfattar som har skrive noko til folk i alle aldrar
Konsertpublikum
Turistar - kulturreise og studiereise
Kulturkjerringar :-)

4. Kva funksjonar bør eit framtidig Fosse-senter ha⁷

Visa heile produksjonen til Jon Fosse - visa breidda
Dvs visa ulike sjangarar - og ulike aldersgrupper
Det skal vera noko for heile familien og ein må nytta naturen rundt (lauvhytter, poesi-stiar, undringsplassar, lyddusjar og stilleplassar med utsikt over fjord, fonn og fjell.)
Lett å rigga opp til store konsertar (idrettsplassen)
Vegg til laserproduksjonar C"driv-in-visning - idrettsplassen)
Studiekammer
Teatersal
Leiligheiter til tilsette og andre (den gamle ungdomsskulen)
Romsleg og fleksibelt.
Viktig å ta vare på gamle ungdomsskulen som Jon skreiv om i Nobelprisforedraget.

5. I tillegg til dei tre som står bak forprosjektet: Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å realisere senteret?

Lokale, regionale og internasjonale grupper.
Omsetjarar - universitet.
Praktikarar - båtbyggjar og smed (bestefaren)
Historikarar - universitet og lokale forteljarar
Dialektfestivalen i Strandebarm
Familelaget (har alt gitt pengar og vev til Fosse-stiftinga)
Kinckgarden
Nasjonalbibliotektet
Nynorsk-senteret (med sine lokale avdelingar)
Ulike kunstinstitusjonar - gjesteordningar og gjesteutstillingar
 Dei bevilgande myndigheiter

6. Kven vil det vere viktig å samarbeide med for å sikre langsiktig og god drift av senteret?

Staten og internasjonale forleggarar/museum.

7. Har du andre innspel eller kommentarar som gjeld rapporten frå forprosjektet, så kan du legge dette inn her:

Eg veit at Fosse-stiftinga har hatt over 140 arrangement sidan dei overtok Fossehuset (gamle Fosse bedehus). Desse arrangementa har spent over eit stort felt både innhaldsmessing og geografisk (mange internasjonale grupper har fått orienteringar og omvisningar).
Det er viktig å nytta Nobelpris-"driven".



Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 Bergen

Dykkar ref.

2fc2daa7-09e9-42c1-

95f8-6159dcde1acc

Vår ref.

25/486-5 /INGYST/25/18494

Arkiv:

FA-C03

Dato

28.05.2025

Høring - forprosjektrapport Jon Fosse-senter i Strandebarm

Vårt generelle inntrykk er at det er gjort ein god jobb med forprosjektet, der det er oppretta kontakt og dialog med mange relevante miljø. Ambisjonen om å skunde seg sakte verkar etter vår erfaring klok. Dei samarbeidspartane og målgruppene som er skissert i rapporten er svært dekkande og vi ser ingen grunn til å ramse opp dei same. Likeeins synast vi at vurderinga av kva funksjonar som bør vera med er logisk. Det er etter vår erfaring lurt å ha sterkt fokus på funksjon før areal.

Som nobelprisvinnar er det internasjonale perspektivet både viktig og noko som har eit stort potensiale. Vi støtter arbeidet og vil gjerne bidra i at eit Fosse-senter blir eit vidtfamna senter i og for heile regionen. Eit Fosse-senter kan, saman med Haugesenteret i Ulvik, den litterære aktiviteten i Odda og gjerne Epos, vere ein spydspiss for Hardanger og fjordlandskapet, det nynorske.

Vi oppmodar vidare Fossestiftinga og samarbeidspartane til å "ta Fosse heim": eit Fosse-symposium høyrer meir heime i Strandebarm enn i Oslo sentrum. Dei nasjonale aktørane trengs som samarbeidspartar, men meirverdien som ligg i å oppleve det lokale, det nasjonale og det internasjonale i eitt og det same, er stor. Det har vi hatt suksess med i Odda i 20 år.

Vi ynskjer lukke til med vidare arbeid!

Helsing Litteratursymposiet i Odda

Else Marie Sandal, Kultur- og biblioteksjef, Ullensvang kommune

Ingvild Ystanes

rådgjevar

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.

Ring oss

Telefon: 53 65 40 00

Org.nr 920 500 633

Kontakt oss

Opheimsgata 31

5750 Odda

postmottak@ullensvang.kommune.no


Besøk oss i

Ullensvang rådhus

Opheimsgata 31, 5750 Odda

> www.ullensvang.kommune.no





vestlandfylke.no